



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 12.12.2019
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 15:00 - 22:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
072/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
073/19	Godkjenning av møteprotokoll
074/19	Meldingar
074/19.1	Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin selskapsavtale
074/19.2	NOU 2016-16 Skattlegging av vasskraftverk - svar frå Nettverk av Petroleumskommunar (NPK)
074/19.3	Protokoll ekstraordinær generalforsamling Bergen og Omland Havn AS
074/19.4	Protokoll Regionråd 5-2019, fredag 25. oktober (samla i ei fil)
075/19	Orienteringssak
076/19	Godkjenning av planendring på reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002
077/19	Vedtak - Klage på avslag på søknad - VA - gbnr 133/96
078/19	Mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002
079/19	Planstrategi for Austrheim kommune for perioden 2020 - 2024 - Oppstart av arbeid
080/19	Månadsrapport oktober 2019
081/19	Budsjett 2019. Investeringar, overføringar og rullering
082/19	Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.

- 083/19 Overføring av deltakarforhold i IUA - i samband med kommunesamanslåingar
- 084/19 Austrheim som medeigar i VANNVEST AS. DIHVA endring frå IKS til AS
- 085/19 Bemanningsnorm i barnehagane - oppheving av lokalt vedtak som har auka bemanninga
- 086/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023
- 087/19 Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2020 -Godkjenning
- 088/19 Avgift - betaling i kulturskulen 2020
- 089/19 Avløpsavgift 2020
- 090/19 Gebyr slam 2020
- 091/19 Feieavgift 2020
- 092/19 Renovasjonsavgift 2020
- 093/19 Vassavgift 2020
- 094/19 Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2020
- 095/19 Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2020
- 096/19 Betaling for heimetenester 2020
- 097/19 Betaling for middag og lunsj 2020
- 098/19 Betaling for tryggleiksalarm 2020
- 099/19 Betalingssatsar for barnehageplass for 2020
- 100/19 Betalingssatsar SFO 2020
- 101/19 Gebyr alkohol- og tobakksaker 2020
- 102/19 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020
- 103/19 Høyringssvar - fritt skuleval til vidaregåande skule
- 104/19 Val av arealplanutval 2019-2023
- 105/19 Val av klageutval for 2019-2023
- 106/19 Val av kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019-2023
- 107/19 Val av kontrollutval 2019-2023
- 108/19 Val av medlemmer til felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023
- 109/19 Val av medlemmer til landbruksfagrådet 2019-2023
- 110/19 Val av medlemmer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 2019-2023
- 111/19 Val av planutval 2019-2023
- 112/19 Val av representant i Bergensalliansen 2019-2023
- 113/19 Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland barne- og ungdomsskule 2019-2023
- 114/19 Val av representant og vararepresentant til SU ved Årås skule 2019-2023
- 115/19 Val av representant til kyrkjeleg fellesråd 2019-2023

- 116/19 Val av representant til årsmøtet i Gløde 2019-2023
- 117/19 Val av representantar til Regionrådet 2019-2023
- 118/19 Val av representantar til råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023
- 119/19 Val av representantar til SU Kaland barnehage 2019-2023
- 120/19 Val av representantar til SU Kystbarnehagen 2019-2023
- 121/19 Val av tingingsutval 2019-2023
- 122/19 Val av utsendingar til eigarmøte og representantskap i Aufera 2019-2023
- 123/19 Val av utsendingar til årsmøtet i Bergen og omland friluftsråd 2019-2023
- 124/19 Val til administrasjonsutvalet 2019-2023
- 125/19 Val til Beredskapsråd 2019-2023
- 126/19 Val til Kommunal kriseleiiing (KKL) 2019-2023
- 127/19 Val til representantskapet Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS 2019-2023
- 128/19 Val til representantskapet Bergen og omland havn 2019-2023
- 129/19 Val til representantskapet BKK 2019-2023
- 130/19 Val til representantskapet for Interkommunalt arkiv 2019-2023
- 131/19 Val til representantskapet i NGIR IKS 2019-2023
- 132/19 Val til representantskapet i Nordhordland Revisjon AS 2019-2023
- 133/19 Val til representantskapet i Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2019-2023
- 134/19 Val til representantskapet i Region Nordhordland Helsehus IKS 2019-2023
- 135/19 Val til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS 2019-2023
- 136/19 Val til årsmøtet i Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA) 2019-2023
- 137/19 Møteplan for 2020

Austrheim 5. desember 2019

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
072/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/839

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
073/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-033	19/839

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 31.10.2019

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/839

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
074/19.1	Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin selskapsavtale
074/19.2	NOU 2016-16 Skattlegging av vasskraftverk - svar frå Nettverk av Petroleumskommunar (NPK)
074/19.3	Protokoll ekstraordinær generalforsamling Bergen og Omland Havn AS
074/19.4	Protokoll Regionråd 5-2019, fredag 25. oktober (samla i ei fil)

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/19.1	Kommunestyret	RS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000	19/215

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin selskapsavtale

Vedlegg

Oversendingsmail - Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin selskapsavtale

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/19.2	Kommunestyret	RS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Per Lerøy	FE-000, TI-&13	19/2

NOU 2016-16 Skattlegging av vasskraftverk - svar frå Nettverk av Petroleumskommunar (NPK)

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/19.3	Kommunestyret	RS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-033	19/196

Protokoll ekstraordinær generalforsamling Bergen og Omland Havn AS

Vedlegg

Oversendingsmail - Protokoll ekstraordinær generalforsamling Bergen og Omland Havn AS

Vedlegg - Vedtekter for Bergen og Omland Havn AS 2019.09.04

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/19.4	Kommunestyret	RS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-000	19/93

Protokoll Regionråd 5-2019, fredag 25. oktober (samla i ei fil)

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/839

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
076/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-L12, HistSak-06/980	14/838

Godkjenning av planendring på reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002

Vedlegg

Referat_dialogmøte_Austrheim_09apr2019

Trekker motsegn - gbnr 160/70 - Reguleringsplan hyttefelt Lauvøy

Hyttefelt på Lauvøy og Askeladden lok. 16072

Svar - Ber om trekking av motsegn - Austrheim - gbnr 160/70 - Hyttefelt Lauvøy

Svar - Ber om trekking av motsegn - Austrheim - gbnr 160/70 - Hyttefelt Lauvøy

Statens vegvesen - uttale til planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002

Astrid og Einar Marthinussen - innspel til planendring hyttefelt Lauvøy

Vedlegg - plankart med innteikna utsiktlinjer.pdf

Vedlegg - planskildring datert 08012019

NGIR - innspel til planendring for reguleringsplan hyttefelt på Lauvøy gbnr 160/70 planID 2007002

Fylkesmannen i Vestland - uttale med motsegn - offentlig ettersyn av reguleringsplan for hyttefelt Lauvøy - gbnr 160/70

Hordaland Fylkeskommune - fråsegn til reg. endring av hyttefelt på Lauvøy 160/70 - mogleg motsegn

Bergens Sjøfartsmuseum - planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid.

2007002 – Offentlig ettersyn

Ber om trekking av motsegn - Austrheim - gbnr 160/70 - Hyttefelt Lauvøy

Reviderte føresegn

Revidert plankart

Svarbrev

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002**. Plankartet er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna er datert den 01.06.2019. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og

bygningslova sin § 12-14.

Saksopplysninger:

Saka om **Planendring på reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002** er no klar til godkjenning. Den nye plankartet er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna er datert den 01.06.2019. Planendringa har hatt formell oppstart på vanleg måte etter plan- og bygningslova. Planendringa sendte formannskapet ut på offentleg ettersyn (høyring) den 24.01.2019 (sak 011/19). Høyringsfrist vart sett til 2. April 2019. Det kom inn motsegn frå planforslaget frå Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune.

Motsegna er no trekt formelt til planendringa etter at plandokumenta vart endra slik dei to offentlege instansane krevde. Det reviderte plankartet er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna er datert den 01.06.2019. Austrheim kommune sendte det revidert planframlegget til Fylkesmannen i Vestland den 13.11.2019 og ba dei tekkja motsegna si. Fylkesmannen i Vestland trekte motsegna si skriftleg den 18.11.2019. I dette brevet står det at:

Trekker motsegn - Austrheim - gbnr 160/70 - Hyttefelt Lauvøy

Vi viser til uttale med motsegn datert 25.03.2019 og oversending frå kommunen med revidert framlegg til reguleringsplan den 13.11.2019.

På bakgrunn av revidert planforslag finn Fylkesmannen å kunne trekkje motsegn til reguleringsplan for hyttefelt Lauvøy.

Det ligg såleis no ikkje lenger føre statlege motsegner til planen.

Hordaland Fylkeskommune trekte motsegna si formelt den 11.10.2019 i e-post med følgjande bodskap: *På bakgrunn av ny informasjon i saka er det ikkje lenger knytt varsel om motsegn til det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 16072). Ny kartfesting medføra at det automatisk freda kulturminnet no ligg utanfor plangrensa til Hyttefelt på Lauvøy.*

Austrheim kommune gjennomførte dialogmøte med Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland den 09.04.2019 på fylkeshuset. Her vart me samde om kva som skulle endrast for at desse to offentlege instansane skulle verta positiv til planendringa. Referatet frå møtet er vedlagt i saka.

Om planendringa:

Planendringa legg til rette for at det i naustområdet (BUN) kan førast opp fellesnaust. Fellesnaustet skal vera utforma som enkelt naust/naustrekke. Føresegner styrer storleik og plassering på fellesbygget. Det kan og førast opp ei frittstående bod på 15 m² på kvar hyttetom, det er og regulert inn ein ny hyttetomt, ny plan vert totalt då med 11 hyttetomtar.

Reguleringsplanen her og denne planendringa er i samsvar med arealbruken fastsatt i kommuneplanens arealdel som er hytteområde. Tiltakshavar er L.T.E & Invest as v/Frode Taule. Det er firmaet ADU ingeniør Atle D. Utkilen som har utarbeidd planarbeidet til reguleringsendringa. Det

Den nye hyttetomten er aust for køyrevegen til naustområdet og ved eksisterande hytte. Fellesnauset skal plasserast på innsida av vegen som er langs strandområdet her, all eksisterande og skjemmaende skjering i terrenget vert då skjult. Sjå foto under av eksisterande situasjon i strandområdet.




Foto av småbåtanlegg



Planlagt naustområde vert på planert område over





**Flyfoto
plankartet**

Katrtutsnittet over viser kva som er regulert inn på

Austrheim kommune sendte planforslaget ut på offentlig ettersyn på vanleg måte i perioden **04.02.2019- 02.04.2019**. Plandokumenta var datert den 08.01.2019. Merknadar til offentlig ettersyn kom frå 5 offentlege instansar og ein privat part:

Offentlege instansar:

1. Bergens Sjøfartsmuseum datert den 27.03.2019 skriv at: *Museet kjenner ikkje til marine kulturminne innanfor planområdet for reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy, gbnr. 160/70, Austrheim kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.*

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:

Merknaden er teke til orientering.

2. Hordaland Fylkeskommune datert den 25.03.2019 skriv at: *Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap. Vi rår difor i frå å opne for utbygging av nye naust. Innanfor planområdet er det registrert to automatisk freda lokalitetar. Dei nye byggetomtene innanfor område vist som BFR1 og BFR6 ligg nærare det automatisk freda kulturminne enn tidlegare regulerte hyttetomter. Dette er soleis egna til både å utilbørleg skjemme og skade/øydeleggje det automatisk freda kulturminnet. Det er eit uttalt ynskje innanfor kulturminneforvaltninga å bevare kulturminner i sitt rette miljø. Ein fortetting av hytter nærare steinalderlokaliteten vil i dette tilfellet innskrenke det naturlige miljøet ytterligare. Både ved at lesbarheita av landskapet blir redusert ved auka byggingsmasse og at utsynet mot sjøen i stor grad blir redusert. Anleggsfasar så nær det automatisk freda kulturminnet vil auke faren for å skade kulturminnet, spesielt gjeld dette for etablering av ei ny hytte innanfor område vist som BFR1. I tillegg vil den auka hytteaktiviteten i*

området auke faren for at kulturminnet blir skada eller øydelagt.

Hordaland fylkeskommune hadde vesentlege merknader til planen og vurderte å fremje motsegn i høve kulturminne av vesentleg regional eller nasjonal verdi. De ba om følgjande:

Den delen av Askeladden id. 55442 som ligg innanfor planen må visast med omsynssone d) (sosi-kode H730) i plankartet.

Nye hyttetomter vist innanfor BFR1 og BFR6 må takast ut av planen.

Byggjegransa innanfor BUN må trekkjast mot nordvest og de to sørligaste nausta må tas ut av planen, eventuelt må formål BUN parallelforskyvast mot nord tilsvarande to naust.

Alternativ til det siste kulepunktet er dersom tiltakshavar kan dokumentere ved fotomontasjer og tverrsnitt at nausta ikkje er utilbørleg skjemmande for steinalderlokaliteten. Vurdering av eventuell utilbørleg skjemming vert gjort av Fylkeskonservator. Fotomontasje og tverrsnitt må vise følgjande:

- 1. Fotomontasje som visar naust og steinalderlokalitet frå sjøen.*
- 2. Fotomontasje med standpunkt på steinalderlokaliteten, som visar utsyn mot planlagde naust og sjøen.*
- 3. Terrengsnitt med kotehøgder frå sjøen og opp til vegen som ligg mellom BFR1 og BFR2. Profilen av steinalderlokaliteten på snittet vil vere eit føremon.*

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:

Merknaden vert teke til etterretning. Vidare drøftingar vart teke i dialogmøte den 09.04.2019. Plandokument er no retta opp i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine krav og etter konklusjonar i dialogmøte.

3.Statens vegvesen datert den 14.03.2019 skriv at: *Revidert plan medfører ikkje målbar auke i trafikk. Planlagte naust er for dei som alt bur i feltet. På grunnlag av dette har vi ikkje merknader til planendringa.*

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:

Merknaden er teke til orientering.

4.Fylkesmannen i Vestland datert den 25.03.2019 skriv at: *Fylkesmannen meiner planendringa må ordne opp i forholda til beste for strandsoneverdiane i området. Utifrå omsyn til strandsona bør ein i utgangspunktet ikkje opne for ytterlegare utbygging her. Vi er særleg kritisk til ny tomt i område BFR1. Tomta er smal og bratt og eksponert mot sjø. Vi kan ikkje sjå at det kan plasserast ei hytte her utan vesentlege terrenginngrep og landskapsverknader. Den andre nye tomte i BFR6 ligg meir skjerma til og er mindre problematisk. Området som er sett til naust er ikkje i tråd med overordna plan og ei utbygging som planlagt vil føre til ytterlegare terrenginngrep i strandsona. Vi meiner at dersom det skal oppførast naust, må dette føremålet ivareta i det utsprengte området, utan at det fører til ytterlegare terrenginngrep. Vi kan ikkje sjå trong for anna enn eit felles naust, knytt til båtanlegget. Fylkesmannen rår sterkt til at ROS-analysen vert retta opp, slik at ein kan vere trygg på at det ikkje er reelle farar i området. Fylkesmannen fremjar motsegn til reguleringsplanen. Motsegna er grunngjeven i dei allmenne omsyna som er sikra i pbl. § 1-8 i for stor grad er sett til side i planen.*

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:

Merknaden vert teke til etterretning. Vidare drøftingar vart teke i dialogmøte den 09.04.2019.

Plandokument er retta opp i samsvar med Fylkesmannen sine krav og etter konklusjonar i dialogmøte.

5.NGIR datert den 05.02.2019 skriv at:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Austrheim (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden: *Merknaden er teke til orientering.*

Privat merknad:

1.Astrid og Einar Marthinussen datert den 15.03.2019 skriv følgjande: ***Vi vil i den anledning vise til nyregulert tomt BFR6 /plassert vest for vår tomt BFR5. Vår hytte var den første som ble oppført i 2011, etter den gang gjeldende reguleringsplan av 08.03. 2006. Da ble det fra utbygger ved Byggmester Frode Taule presisert at de eventuelle to andre hyttetomter som kunne komme, ikke ville bli plassert i vår synsretning mot vest og vi valte derfor denne tomten, da som første hyttebygger.***

Vi har for øvrig i ettertid avtalt med Frode Taule at vi ikke vil motsette oss en hytte oppført på tomt BFR6, men med en forutsetning at hytten plasseres som avtalt og ikke vil frarøve oss utsikt og sol. Det vil si så langt i bakkant som mulig og ikke foran synsretningen vår mot fronten av den nordligste hytte på tomt BFR1. Dette er vi blitt lovet og forventer at det skjer slik som avtalt. Astrid og Einar Marthinussen har lagt ved eit plankart med raud strek på som viser at den nye hytta må koma bakanfor deira synsretning slik:



Plankart med raud strek som viser Astrid og Einar Marthinussen si synsretning frå hytte

Austrheim kommune sin kommentar til merknaden: *Merknaden deira vert teke til etterretning. Planlagt hytte kjem i bakkant av deira synsretning som vist på kart, byggjegrense plasserer hytta sør for denne.*

Vurdering:

Rådmannen meiner planskildringa og plandokumenta på ein fagleg måte viser planendring, men og korleis planområdet her ser ut i dag og er bygd ut over tid. Plankartet som er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna som er datert den 01.06.2019 er retta opp i samsvar med merknadar og konklusjonar frå dialogmøtet med Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune den 09.04.2019.

Rådmannen synes at det er naturleg at hytteeigarar i dag ynskjer å kunne køyra fram til hyttene sine i slike hyttefelt. God tilgang til sjø er og ein føresetnad og ynskje for mange hytteeigarar. Verknader og konsekvensar planen har lokalt, er gjort godt greie for i ROS analysen planskildringa på ein god måte, etter rådmannen sitt syn. Rådmannen synes byggjegrensene som er teikna inn på plankartet er fornuftige av omsyn til strandsona, friluftsområde og naboar i hyttefeltet. Rådmannen synes det er ei rett utvikling å få til ei viss fortetting av hyttefeltene våre, i staden for å spreia nye hytter utover eit større urørt kystlandskap. Rådmannen synes at planendringa er positiv for å få på plass tiltak som er formålsteneleg for ei god utvikling av hytteområdet vidare på Lauvøy. Rådmannen viser til plan- og bygningslova § 12-14 som styrer ei planendring som er gjort her:

§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan

For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder samme bestemmelser som for utarbeiding av ny plan. Kommunestyret kan delegerer myndigheten til å treffe vedtak om mindre endringer i reguleringsplan eller til å vedta utfyllinger innenfor hovedtrekkene i reguleringsplanen. Små endringer kan delegeres til administrasjonen. Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

Rådamannen meiner at det å byggja ei ny hytte inntil eksisterande hytte og parkeringsplass, men og ved interne køyreveggar er kurant, det vil ikkje redusera landskapsverdien i det utbygte hytteområdet. Planforslaget er og i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Planendringa vil ikkje råka omsyn til viktige natur- og friluftsområde. Rådmannen meiner at endringa av plankartet og føresegner ikkje vil medføra negative konsekvensar i planområdet. Rådmannen meiner planendringa ikkje fører til noko vesentleg endring av trafikk inn og ut av planområdet. Rådmannen meiner at planendringa tek gode omsyn til kulturminneområdet som er merka H570 og H730, dette området er vorte større i det nye planforslaget. I omsynssone H570 ligg det eit automatisk freda kulturminne som planendringa har teke viktige omsyn til.

Rådmannen har vurdert det slik at føresegnene sikrar ei forsvarleg og presis styring med utforming og bruk av areal og bygningar i samsvar med reguleringsføremålet. Fellesnaustet har fått eit volum og ei utforming som er naturleg i høve til den bruk det skal ha. Rådmannen meiner at omsyn til ålmenta si rekreasjon og ferdsel er sikra i planenrinmga. Det er positivt for landskapet, natur, miljø og ålmenta at flytebyggjene er trekt lenger inn i vågen enn i eksisterande reguleringsplan.

Rådmannen synes plandokumenta er oppdatert og tilpassa dagens krav til plandokument, planendringa har og skjedd i samsvar med plan-og bygningslova, forvaltingslova og god forvaltningsskikk. Rådmannen rår til at planendring for **Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002** vert godkjent slik plandokumenta viser. Plankartet er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna er datert den 01.06.2019.

Konklusjon:.

Austrheim kommune godkjenner planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 med planid. 2007002. Plankartet er datert den 13.11.2019 og den reviderte føresegna er datert den 01.06.2019.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
080/19	Formannskapet	PS	24.10.2019
077/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Stein Kåre Løvslett	Gbnr-133/96	18/632

Vedtak - Klage på avslag på søknad - VA - gbnr 133/96

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tar ikkje klagen til følgje og opprettheld avslag på å nytte lukka tank og pålegg om tilknytting til eksisterande privat avlaupsanlegg i området.

Vedtaket vert gjort med heimel i forvaltningslova § 33, forurensingsloven §§ 22 og 23 samt pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3.

Formannskapet - 080/19 - 24.10.2019

FS - behandling:

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett la fram saka. Nye eigarar er orientert om forholdet. Denne søknaden kom inn før ny forskrift i kommunen, men lovverket var gjeldande. Her er det mogeleg å legge avlaupsleidning i vegen, slik at ein ikkje treng grave på andre sin eigedom. Fritidsbustaden har innlagt vatn, det er ikkje omsøkt. Ein skal ikkje få lov å legge inn vatn før utsleppsløyve er gitt. Gjev ein løyve til utslepp i tett tank vil det skape presedens i andre saker. Avdelingsleiar Asbjørn Nagel Toft supplerte med at det er svært mange år sidan løyve til utslepp med tette tankar har vore gjort. Det gjeld heile Nordhordland.

Formannskapet har vore på synfaring og har vurdert klage på avslag på søknad om avlaupsleidning til lukka tank.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Austrheim kommune tar ikkje klagen til følgje og opprettheld avslag på å nytte lukka tank og pålegg om tilknytting til eksisterande privat avlaupsanlegg i området.

Vedtaket vert gjort med heimel i forvaltningslova § 33, forurensingsloven §§ 22 og 23 samt pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Saka gjeld klage på vedtak fatta i sak 105/19.

Saka omhandlar søknad om løyve til allerede utførte arbeider på gnr 133 bnr 96. Arbeida omfatta tilkopling til kommunal vassleidning og utlegging av avlaup til lukka tank.

Søknaden er handsama i sak 105/19, vedtaksdato 19.06.2019. I vedtaket vart det gjeve løyve til tilkopling til kommunal vassleidning. Det vart gjeve avslag på avlaupsleidning til lukka tank. Som følge av avslag til å nytte lukka tank vart det gjeve pålegg om tilkopling til eksisterende privat avlaupsanlegg i hyttefeltet.

Klagen gjeld avslag til å nytte lukka tank og pålegg til å kople til det private avlaupsanlegget.

Klagar har klagerett og klagen er rettidig innkomen.

Klageinstans etter forurensingsloven er kommunestyret.

Sitat frå klagen:

Vår klage går på:

Med heimel i Forurl § 23, samt Pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3 vert søknad om lukka tank til avlaup avslått.

Vidare vert det med heimel i Forurl § 23, samt Pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3 gjeve pålegg om tilkopling til eksisterende avlaupsanlegg tilhøyrande gnr. 133 bnr. 58 m.fl.

Jeg / vi mener at dette er urimelig da også andre i feltet (Ann Karin Isaksen bl.a.) har fått godkjent lukket tank etter oss.

Kostnaden det vil koste oss å koble oss til gnr. 133 bnr. 58 er jeg ikke sikker på da Åsmund Andersen er på ferie ut denne uken og ikke kan gi meg et prisoverslag pr. i dag. Vi må også ha egen slamutskiller og pumpestasjon hvis vi skal koble oss til hos dem. Dette kan fort komme opp i nærmere 100.000 kroner slik vi har forstått det.

Jeg / vi mener at Odd Haugen og Hole VVS er "skyld" i at vi er kommet opp i denne situasjonen da vi stolte helt og fullt på dem. Jeg mener de ikke kan avskrive seg noe ansvar, men får ikke gehør for det hos dem.

Håper dere kan se på denne saken engang til og siden vi har solgt hytten i god tro på at alt var i orden synes vi det er beklagelig at vi får avslag for lukket tank. Vet at dere kanskje har kommet ut for folk som lager hull i tanken for å slippe ut vann, men dette har vi aldri hatt i tankene og har brukt Birkeland når tanken har vært full. De som har kjøpt hytten vår bruker den kun som hytte og ikke som helårsbolig som vi gjorde.

Vurdering

Austrheim kommune har vurdert saka på ny med omsyn til dei punkta som er trukket fram.

I klagen er det opplyst at ein naboeigedom har fått godkjent avlaup til lukka tank etter klagar. Naboeigedommen det vises til fikk godkjent ei løysing med lukka tank 21.05.2015. I dette løyvet er det ikkje gjeve løyve til innlegging av vatn frå kommunal vassleidning. Det vert kunn gjeve løyve til å

nytte takvatn. Det er gjeve løyve til ei spesiell løysing frå svartvatn frå klosett til lukka tank og gråvatn til filtergrøft. Denne løysinga er ikkje samanliknbar med løysinga på eigedomen gnr 133 bnr 96.

Eigedomen gnr 133 bnr 96 vart godkjent oppført som fritidseigedom 18.08.2003. I løyve er følgende pressisering:

Det vert såleis ikkje gjeve løyve til innlegging av vatn eller utslepp av gråvatn.

Klageren opplyser og at dei har nytta fritidsbustaden som heilårsbustad utan at dette ser ut til å være omsøkt. Tiltaket som omfattar innlegging av vatn og utlegging av avlaup til lukka tank vart utført utan at naudsynt løyve førelå. Søknad vart sendt inn etter at kommunen oppdaga forholdet. Søknaden vart motteke hos Austrheim kommune 13.08.2018. Disse to sakene kan dermed ikkje samanliknast direkte. Med innlagt vatn frå kommunal vassleidning må ein pårekne større vassforbruk enn på den fritidseigedomen det her vert samanlikna med.

Austrheim kommune vedtok ny lokal forskrift for separate avlaupsanlegg i oktober 2018. I denne forskrifta vert det ikkje tillatt å nytte lukka tank, jf pkt. 4. Forskrifta har ikkje tilbakevirkande kraft, men den er utarbeid med heimel i forureiningslova § 22 første leden som lyder slik:

Forurensningsmyndigheten kan i forskrift eller i det enkelte tilfelle fastsette nærmere krav til avløpsledning, herunder om den skal være lukket og vanntett. Forurensningsmyndigheten kan avgjøre om alt avløpsvann skal ledes i felles ledning eller om det skal kreves særskilte ledninger for ulike typer avløpsvann

Vi gjer merksam på at forurensningsmyndigheten er Austrheim kommune.

Dette medfører at Austrheim kommune har heimel for å ikkje godkjenne lukka tank på denne eigedomen.

I tillegg vart det i sak 033/13 som omhandlar utlegging av felles avlaupsanlegg på Olsneset sett krav til at dette skal være dimensjonert for å dekke tilkopling av fleire eigedomar. Eigarane av dette anlegget har påtatt seg ein større kostnad med å bygge anlegget. Austrheim kommune har med dette vedtaket forplikta seg til å kreve tilkopling for nye eigedomar. Eit slikt krav har heimel i forurensningsloven § 23 første og andre leden som lyder slik:

Forurensningsmyndigheten kan bestemme at avløpsvann kan ledes inn i en annens avløpsanlegg.

Om plikt til tilknytning til eksisterende avløpsledning gjelder reglene i plan- og bygningsloven. Vedtak etter plan- og bygningsloven kan likevel treffes av forurensningsmyndigheten.

Som det går frem av lovteksten har Austrheim kommune både som forurensningsmynde og bygningsmynde heimel for å avslå bruk av lukka tank og til å kreve tilknytting til eksisterende avlaupsanlegg i hyttefeltet.

Som det er opplyst i saksutgreiinga tidligare var det i dei opprinnelege føresegnene ikkje tillatt å legge inn vatn og avlaup for fritidseigedomane. Dette vart endra i samband med vedtak i Austrheim formannskap 10.11.2004 i sak FS-209/04. Her ble følgende endring lagt inn i føresegnene: Side 3 av 6

8. Tillegg Tekniske anlegg

Innlegging av vatn og utslepp av sanitært avlaupsvatn kan tillatast dersom det skjer i medhald av godkjent plan.

Det er så langt ikkje laga nokon overordna plan for vatn og avlaup i hytteområdet. Det vart dog i 2013 gjeve løyve på vilkår til utlegging av avlaup frå fleire fritidseigedomar lengst nord på Olsneset. Dette

vart gjort i sak 033/13. I denne samanheng vart det satt som vilkår at det anlegget som vart bygd skulle dimensjonert for å kunne ta i mot avlaupsvatn frå fleire av dei gjennståande fritidseigedomane. Dette er det næraste man kjem ein godkjent plan.

Tiltaket er gjennomført utan at det førelå naudsynt gyldige løyvar. Dersom tiltaket hadde vært omsøkt i forkant ville tiltakshavar fått informasjon om at dei kunne gått saman med naboeigedomar om eit felles anlegg som kunne knyttast til eksisterande avlaupsanlegg som nemnt ovanfor. Dette ville kunne redusert kostnadane med anlegget.

Videre opplyser klageren at dei mener seg missleda av grunntreprenør og rørleggar ved valg av denne løysinga. Dette er eit privatretsleg forhold som Austrheim kommune ikkje kan ta stilling til. Vi kan kunn opplyse at begge dei aktuelle aktørene visste eller burde visst at tiltaket var søknadspliktig og at det skal føreligge gyldig løyve før dei startar slikt arbeid.

Konklusjon

Rådmannen rår til at klagen ikkje vert tatt til følge.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
096/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
078/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	PlanID-2017002, Plannavn-Skule- og barnehageområdet på Kaland, Komnr-1264, Gbnr-130 - 131, FA-L13	17/238

Mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

Vedlegg

Mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 -Forslag frå Austrheim kommune

Svar - forslag til endring - mindre planendring til detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland

Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune legg forslag til ei mindre planendring av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

Austrheim kommune opphevar samstundes kommunestyret sine vedtak gjort i sak 051/19 og sak 052/19. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 35.

Formannskapet - 096/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, der det skal gjerast to endringar i plankartet. På

spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) stadfesta Toft at kommunestyret først må oppheva sitt eige vedtak, og så gjera nytt vedtak i denne saka.

Ordførar Per Lerøy sa at endringane inneber at Geir Åge Nesbø får arealet under sitt naust endra frå LNF til naust-formål, og at Asbjørn Haugland får utvida naustområdet og kan bygga eit naust der.

SAMS vedtak

FS - vedtak:

Austrheim kommune legg forslag til ei mindre planendring av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 ut på offentleg ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

Austrheim kommune opphevar samstundes kommunestyret sine vedtak gjort i sak 051/19 og sak 052/19. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 35.

Saksopplysninger:

Austrheim kommune ser at det er naudsynt å få på plass ei mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002. Dette for å få på plass formelt det som var intensjonen i Austrheim sitt kommunestyre sitt i vedtak i sak 051/19 og 052/19. Vedtak i kommunestyret den 12.09.2019 i dei to sakene var følgjande:

KS - vedtak:

VedtaksTekst

Kommunestyret tek klagen til Geir Åge Nesbø til følgje.

Staden der naustet er bygd på eigedom gbnr. 130/64 vert regulert til naustområde, og ikkje friområde i denne detaljreguleringa.

KS - vedtak:

+

Kommunestyret tek klagen til Grethe Haugland på vegne av grunneigar på gbnr. 130/9 til følgje.

Naustområde BUN3 på gnr 130, bnr 9 vert slik 1. gangs høyring og planframlegg av detaljreguleringsplan for Kaland, PLANID 2017002 viser på plankart.

Saka og vedtaket i kommunestyret vart sendt til Fylkesmannen i Vestland på vanleg måte (han kan klaga på desse kommunestyrevedtaka eller finna dei ugyldig). Austrheim kommune tok kontakt med Fylkesmannen i Vestland og ba om eit møte for å kunne drøfta denne saka før vidare handsaming vart gjort. Austrheim kommune ved ordførar Per Lerøy og avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft hadde møte med Fylkesmannen i Vestland om kommunestyrevedtak 051/19 og 052/19 den 09.10.19.

Austrheim kommune sendte ut frå konklusjonar frå møtet den 21.10.19 ein e-post til Fylkesmannen i Vestland med forslag til mindre endring av reguleringsplanen her. I Austrheim kommune sin e-post til

Fylkesmannen stod det følgjande:

-Viser til positivt møte med dykk den 9. oktober 2019 på Statens Hus der de og ordførar Per Lerøy og avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft deltok frå Austrheim kommune. Austrheim kommune har no forslag til ei mindre planendring her for å løysa dei to klagesakene som handla om område BUN 3 og eksisterande naust på gbnr. 130/64. Desse løysingane er i samsvar med drøftingar på møtet med dykk. Her er vårt forslag til mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002:

Forslag til planendring (plankart under) Godkjent detaljregulering den 11.04.2019 (plankart under)



Planendinga som me føreslår er:

1. Eksisterande naust i sør er teikna inn på plankart.

2. I tillegg er det sett av plass til å byggja eit naust til nordanfor eksisterande to naust i BUN3 på plankart.

Me har og forslag om at i føresegna under pkt. 3.1.7 tek inn følgjande ordlyd under **bokstav m (raud skrift)**:

3.1.7 Naust (felt BUN1, BUN2, BUN3)

m) Det kan byggjast ei mindre flytebryggje med plass til fire båtar framfor BUN 3. Før det kan gjevast byggjeløyve til dette tiltaket må eksisterande flytebryggje på 9x2 meter nord for BUN 3 på gbnr. 130/9 fjernast.

Austrheim kommune vonar at Fylkesmannen i Vestland kan vera positive til desse to endringane i plankartet og til den eine tilleggsformuleringa i føresegna til planen.

Me ynskjer svar på om me formelt må handsama dei to klagevedtaka som vart gjort i kommunestyret vidare, eller om denne saka no let seg løysa som ei mindre planendring som vist over.

Me har vore i positiv dialog med dei to grunneigarane her om desse løysingane, og informert dei om drøftingane som pågår med dykk.

Austrheim kommune ser fram til positivt svar frå dykk etter avklaringar internt.

Den 28.10.2019 fekk Austrheim kommune svar frå Fylkesmannen i Vestland: Her står det følgjande:

Vi viser til kommunestyrevedtak 051/19 og 052/19 den 12.09.19, møte med kommunen 09.10.19 og epost 21.10.19 frå kommunen med forslag til endring av plan. Fylkesmannen viser til at det var semje om at Fylkesmannen skal få utvida klagefrist på vedtak slik at kommunen får høve til å vurdere vedtak 051/19 og 052/19 på nytt.

Om kommunen skal endre reguleringsplanen må planen endrast i eigen planprosess. Når det gjeld dei konkrete endringane i epost sendt 21.10.2019, har vi ikkje merknader til endringane i arealbruken. Vi meiner føresegna må endrast slik at det vert sett krav om fjerning av flytebrygge på gnr. 130 bnr. 9 før ein kan gjere tiltak i BUN3. Vi viser også til at neset nord for BUN 3 har gode strandsonesegnsforhold og det er difor særleg viktig at utviding av BUN3 ikkje førar til store terreng inngrep. Det må vere ei føresegn som sikrar at det ikkje vert utført store terrenginngrep i BUN3. Kommunen har signalisert at dei ønskjer konkrete forslag til føresegn. Vårt forslag til føresegn til BUN3 er:

-Før ein kan gjere/starte med nye tiltak i BUN3, må eksisterande flytebryggje på 9x2 meter nord

for BUN 3 på gbnr. 130/9 fjernast. Det er eit vilkår for alle nye tiltak innan BUN 3 og skal vere eit vilkår i vedtaket/-rammeløyvet.

-Det kan byggjast ei mindre, felles flytebrygge med plass til fire båtar framfor BUN 3.

-I BUN 3 skal ein tilpasse utbygginga til terrenget slik at ein tar vare på eksisterande terreng ved oppføring av nye tiltak. Tiltakshavar skal vise det detaljert på teikningar med profilar som viser eksisterande og planlagde inngrep som ein del av søknaden til kommunen om rammeløyve.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen tar vedtak 051/19 og 052/19 opp til ny vurdering og at endringsforslag til reguleringsplan for skule- og barnehageområde på Kaland vert lagt ut som ei mindre planendring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Vurdering:

Ei mindre planendring her som Austrheim kommune i drøftingsmøte med Fylkesmannen i Vestland vart samde om, kan løysa saka på ein formålstenleg måte. Rådmannn legg til grunn då eit nytt plankart med innteikna naust hjå grunneigar Geir Nesbø på eigeidom gbnr. 130/64, og utviding av naustområde BUN3 på gbnr. 130/9 med plass til eit nytt naust til, dette nauset vert tett ved dei to eksisterande nausta her. Dette er i samsvar med endringsforslaget sendt til Fylkesmannen i Vestland.

Rådmannen meiner at dei nye føresegnene kan verta slik Fylkesmannen i Vestland ynskjer i sin e-post. Desse er:

-Før ein kan gjere/starte med nye tiltak i BUN3, må eksisterande flytebryggje på 9x2 meter nord for BUN 3 på gbnr. 130/9 fjernast. Det er eit vilkår for alle nye tiltak innan BUN 3 og skal vere eit vilkår i vedtaket/-rammeløyvet.

-Det kan byggjast ei mindre, felles flytebrygge med plass til fire båtar framfor BUN 3.

-I BUN 3 skal ein tilpasse utbygginga til terrenget slik at ein tar vare på eksisterande terreng ved oppføring av nye tiltak. Tiltakshavar skal vise det detaljert på teikningar med profilar som viser eksisterande og planlagde inngrep som ein del av søknaden til kommunen om rammeløyve.

Rådmannen meiner og at plankartet kan endrast slik Austrheim kommune i sitt forslag sendte til Fylkesmannen i Vestland og som dei kunne akspetere. Plankartet vert då slik me ser til venstre under:



Forslag til planendring (plankart over)

Godkjent plan den 11.04.2019 (plankart over)

Sakshandsamar Asbjørn Nagell Toft har vore i kontakt med grunneigar Geir Nesbø og representant for grunneigar, Grethe Haugland, dotter til Asbjørn Haugland og har informerte dei om at Fylkesmannen kunne godta ei slik løysing som vist over.

Rådmannen synes at neset ved BUN 3 har gode strandsonekvaliteter, og at det er viktig at utviding av BUN3 ikkje førar til store terrenginngrep. Ei føresegn sikrar no at det ikkje vert utført store terrenginngrep i BUN3.

Rådmannen rår til at Austrheim kommune tek innhaldet i skrivet frå Fylkesmannen til etterretning. Rådmannen meiner og at det er naudsynt at Austrheim kommune opphevar formelt vedtak gjort i sak 051/19 og sak 052/19. Dette for å kunne få på plass ei mindre planendring formelt, og i tråd med skriv og konklusjonar i møte med Fylkesmannen i Vestland.

Rådmannen rår til at Austrheim kommune sender ut endringsforslag til ei mindre planendring av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 på offentleg ettersyn som vist i saksutgreiinga over.

Konklusjon:

Austrheim kommune legg forslag til ei mindre planendring av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 ut på offentleg ettersyn.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
098/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
079/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-141, TI-&37	19/743

Planstrategi for Austrheim kommune for perioden 2020 - 2024 - Oppstart av arbeid

Vedlegg

Planstrategi 2016 - 2020

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe. som legg fram eit forslag til styringsgruppa over kva planoppgåver Austrheim kommune bør starte opp eller vidareføra i kommunestyreperioden. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Formannskapet - 098/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om at det nye kommunestyret skal vedta ein planstrategi for kva planar dei skal laga den kommande perioden. Ein del planar er det krav om å laga/fornya. Andre er det krav om at kommunen må ha på plass for å kunna søka om støtte, til dømes er idrettsplanen eit krav for å kunna søka om spelemidlar.

Toft sa at Austrheim no er i ein periode med mindre behov for å laga nye reguleringsplanar, etter at det er gjort mykje dei siste 5-6 åra.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Austrheim no har mange av planane på plass, eit planarbeid som også har tilrettelagt for ein del utbygging i privat regi. I tillegg så har ein sett at planar gjev grunnlag for å få midlar, som til dømes planen for trafikksikring som er viktig for å få midlar frå fylkeskommunen. No må politikarane bruka planstrategien for å seia kva ein skal prioritera på plansida, og jobba med dette fram mot kommunestyret. Planstrategien stakar ut kursen for kva kommunestyret skal jobba med dei neste fire åra, om ein ønskjer at administrasjonen skal jobba med eldremeldinga så må ein seia det i strategien.

Morten Sognes (H) spurte om kva som skjer med plan for gangfelt frå Kilstraumen til Fønnes. For strekket frå Mastrevik til Kilstraumen er det ein plan, men strekket frå Kilstraumen til Fønnes er der

det har skjedd flest ulukker.

Avdelingsleiar Toft svara at det ikkje er laga ein reguleringsplan for gangfelt frå Kilstraumen til Fønnes. Ein vera klar over dersom det ikkje er midlar til å gjera noko den kommande tiårsperioden, så er planarbeidet bortkasta. Rår til å heller laga ein trafikksikringsplan der ein tek for seg dei farlegaste punkta.

Per Lerøy (Ap) sa at det er løyst ein del innan trafikksikring, men det står mykje att. Oppfordra til å komma med innspel til planstrategien, slik at denne vert i tråd med politiske ønskje.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om Bygdelista i Austrheim skal vera representert i den administrative arbeidsgruppa som skal jobba med planstrategien.

Asbjørn Toft svara at framlegget til vedtak er likt det ein hadde sist, for fire år sidan.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som legg fram eit forslag til styringsgruppa over kva planoppgåver Austrheim kommune bør starte opp eller vidareføra i kommunestyreperioden. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Saksopplysninger:

Vurdering:

Rådmannen rår til at arbeid med kommunal planstrategi i Austrheim kommune no vert starta opp og gjer framlegg om at det vert gjort oppstartsvedtak om dette. Rådmannen rår til at det samstundes vert fastsett ei politisk styringsgruppe som skal følgje arbeidet. Rådmannen meiner at det er naturleg at det vert etablert ei arbeidsgruppe som legg fram eit drøftingsdokument til første møte i styringsgruppa.

Rådmannen vil leggje opp arbeidet slik at Austrheim kommune varslar oppstartsvedtaket på heimesida og i avisannonse på vanleg måte. På denne måten kan og innbyggjarar, lag og organisasjonar koma med innspel.

Rådmannen rår til at arbeidet med ein kommunal planstrategi vert starta opp og at formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen rår til at det vert etablert ei administrativ arbeidsgruppe som legg fram eit forslag til styringsgruppa over kva planoppgåver Austrheim kommune bør starte opp eller vidareføra i kommunestyreperioden.

Konklusjon:

Arbeidet med Austrheim kommune sin planstrategi vert starta opp. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som legg fram eit utfordringsdokument til styringsgruppa.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
097/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
080/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/389

Månadsrapport oktober 2019

Vedlegg

MÅNEDSRAPPORT-OKT-2019

Framlegg til vedtak:

Rapporten vert tatt til vitande.

Formannskapet - 097/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Økonomisjef Olav B. Andersen orienterte om dei økonomiske tala per utløpet av oktober 2019, og viste også til det som vart gjort av budsjettjusteringar i samband med Tertialrapport II 2019.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er styremøte og generalforsamling i selskapet Mongstad Vekst tidleg i desember, og ein vil sjå der kva dei har å bidra med inn til det kommunalt eigde Austrheim Næringssselskap, pengar som kommunen igjen kan ta ut som utbytte.

Økonomisjef Andersen viste til at det er auke i posten "andre utgifter" etter at Nav Fensfjorden og Brann/redning no er interkommunalt. Dette er vekke frå posten personalutgifter, og kommunen vert no fakturert for dette. Elles for personalutgifter ser ein effekten av reduksjonen på 16,8 årsverk sidan same månad i fjor.

Så langt ligg ein rundt 2,1 millionar bak budsjett, men dette avviket kan bli redusert til rundt 1,5 millionar om det kjem inn 500.000 meir i utbytte frå Mongstad Vekst/Austrheim Næringssselskap.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om korleis det slår ut med skatteinntekter i år i samband med revisjonsstansen på Mongstad. Per Lerøy (Ap) sa at det nok kjem meir skatteinntekter i desember på grunn av stansen, der arbeidet framleis pågår. Lerøy la til at eit overskot som budsjettert er vanskeleg å nå, men spørsmålet er om ein kan nå 4,9 millionar og slik komma ut av Robek-lista. Rådmann Liv Løvvik sa at det var viktig at vertskommuneansvar for interkommunalt arbeid ser til at det ikkje er vekst, anten det gjeld barnevern, IKT eller anna. Interkommunale tenester kan ikkje vera

så høge i kostnader at det vert rimelegare å starta egne tilbod.
 Handsaming i formannskapet:
 Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Rapporten vert tatt til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Etter økonomireglementet skal rådmannen informere formannskapet med tretialrapportar og månadsrapportar gjennom året. Vedlagt denne saka er månadsrapport pr oktober 2019.

Vurdering

PR. 31.10.2019							
Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019	ÅR 2020
(I hele tusen kr.)	PR.31.10	PR.31.10		PR.31.10	VIRK-2019	OB	RB
Rammetilskudd	84 926	83 951	975	81 457	3 469	91 520	93 420
Skatteinntekter	73 965	74 337	-372	71 605	2 360	89 477	92 777
Eiendomsskatt	14 450	14 217	233	14 220	230	13 550	14 350
Andre Inntekter	57 140	52 231	4 909	65 069	-7 929	81 957	83 457
Sum Inntekter	230 481	224 736	5 745	232 351	-1 870	276 504	284 004
Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019	ÅR 2020
(I hele tusen kr.)	PR.31.10	PR.31.10		PR.31.10	VIRK-2019	OB	RB
Personalutgifter	150 656	150 741	85	161 108	10 452	180 949	181 069
Andre utgifter	73 335	65 383	-7 952	67 380	-5 955	89 495	96 875
Sum utgifter	223 991	216 124	-7 867	228 488	4 497	270 444	277 944
Resultat	6 490	8 612	-2 122	3 863	2 627	6 060	6 060

Rådmannen har fylgjande kommentarer på resultatet i rapporten:

Resultat

Resultatet ved denne rapportering er ca. pluss 6,5 millioner kroner. Dette er 2,1 mill. kr dårligere enn budsjett.

Når det gjelder prognosen, fokuseres det på utviklingen i personalutgifter som vi håper holder året ut. De høye utgiftene til barnevernet vil, sannsynligvis for det meste, bli

dekket inn gjennom innvilget ekstra skjønnsmidler på 1,9 millioner kr. Pengene er kommet på konto i november måned men tatt med i oktober regnskapet. Som det går fram av ovennevnte tabell er det en del usikkerhet når det gjelder andre utgifter.

Når det gjelder inntekter som rammetilskudd, skatteinntekter, eiendomsskatt og andre inntekter er de omtrent som forventet i forhold til de justerte budsjetter. Fortsetter denne utviklingen de siste 2 månedene vil dette være positive bidrag til resultatet.

Når det gjelder andre inntekter vil spesielt utbytte bli vesentlig lavere i forhold til budsjett med over 2 million kr. Dette gjelder utbytte fra Austrheim Næringssselskap. Også integreringstilskuddet ser ut til å bli noe lavere enn budsjett.

Det jobbes hardt for å nå det budsjetterte resultatet for 2019, men vi ser at det kan bli en utfordring.

Nedenfor er tabell over avdelingene i Austrheim kommune pr. 31.10.2019. Virkelige tall er sammenlignet med budsjett pr.31.10.2019. Opprinnelig årsbudsjett er også vist.

Konklusjon

Rapporten vert tatt til vitande

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
117/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
081/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/223

Budsjett 2019. Investeringar, overføringar og rullering

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret overfører ubrukte lånemidlar for 2018 på tilsamen 1,25 mill kr til påbegynte prosjekt som skal slutførast i 2019.
2. Kommunestyret aukar den maksimale ramme for investeringar i 2019 med 4,9 mill kr til 14,9 mill kr. Auken er finansiert med tilskot.

Formannskapet - 117/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.

Det vart gjort eit lite teksttillegg i vedtaket, og rådmannen kom med nytt framlegg.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

1. Kommunestyret overfører ubrukte investeringsmidlar for 2018 på til saman 1,25 mill kr til påbegynte prosjekt som skal slutførast i 2019.
2. Kommunestyret aukar den maksimale ramma for investeringar i 2019 med 4,9 mill kr til 14,9 mill kr. Auken er finansiert med tilskot, og er såleis eit nullsumspel.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ved vedtak i budsjett 2019, vart det ikkje gjort formelt vedtak om overføring av investeringsmidlar og prosjekt frå 2018 til 2019. Kommunestyret har i løpet av året justert ned investeringane. I dialog med rådmannen har Austrheim kommune fått ei ramme for investeringar 2019 som inneber bruk av tilskot som er kome inn. Rådmanne ser det som nødvendig å ha ein gjennomgang av dette med politisk nivå. Formannskap og kommunestyret bør tilslutt gjere dei formelle vedtaka i saka.

Vurdering

Formelt må kommunestyret gjere vedtak om overføring av lånemidlar og vidareføring av prosjekt frå 2018 til 2019. Summen som vert overført er 1 250 000 kr fordelt på fire prosjekt, prosjekt K90007, K90018, K90026 og K 90040.

Prosjektnr.	Tiltak		Overført -18/-19
K90007	SCANNING EIGEDOMSARKIV/IKTNH 2018 (TJ.1200)	Prosjektet er slutført	300 000
K90018	KJØP 2 E-BILER/1 FIRHJULSTREKK 2018 (TJ.2540)	Tilskot 160 000 for 2 biler og ladepunkt.	450 000
K90026	Asfaltering	Arbeid som står igjen. Hopland og v/idrettshall	200 000
K90040	KALAND BARNEHAGE UTEOMRÅDE/IDRETTSPLASS	Tress AS, leikeutstyr.	200 000
	Kaland skule - idrettsplass	Kabelgrøft, lys, grusing m.m	100 000
Samla overføring frå 2018 til 2019			1 250 000

Rådmannen innstiller til kommunestyret å gjere det formelle vedtaket om overføring av ubrukte lånemidlar på tilsamen 1,25 mill kr frå 2018 til prosjekt som skal slutførast i 2019.

Endring i ramme for investering etter dialog med fylkesmannen.

I K-sak 112/18 sette kommunestyret ramma for investeringar i 2019 på 10 mill kr. I dialog med fylkesmannen om investeringar 31.10.19, fekk Austrheim kommune løyve til å utvide denne låneramma med 4,9 mill kr. til 14,9 mill kr.

Grunnen var tilskot kommunen hadde mottatt:

Trafikksikring. Tilskot for veglysa Mastrevik vegkryss-Renningen bru. 3,35 mill kr

Hjartesone skuleveg, gangveg Kaland brannstasjon-vegekryss Kalandsjø 1,55 mill kr

Sum 4,90 mill kr

Ramme for investering i 2019 vert då dei 10 millionar som kommunestyret vedtok i K-sak 112/18 og dei 4,9 mill kr finansiert med tilskot, tilsaman 14,9 mill kr.

Oversyn over ramme for investering i 2019	
Investering 2019 frå K-sak 112/18	10 000 000
Overført frå 2018	1 250 000

"Hjartesonene - prosjekt gangveg Kaland	2 815 816
"Reserve" til investering 2019	834 184
Samla ramme investering	14 900 000

Fylkesmannen har gitt løyve til ein auke med 4,9 mill kr.

Konklusjon

Rådmannen innstiller til kommunestyret å gjere to vedtak.

1. Overføre 1,25 mill kr frå 2018 til 2019 til påbegynte prosjekt.
2. Auke maksimal ramme for investeringsramme for 2019 4,9 mill kr. Auken vert gjort med tilskot. Beløpet i punkt 1, er ein del av denne summen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA-F47	19/583

Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.

Vedlegg

Samarbeidsavtale med Alver

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for etablering av interkommunalt samarbeid om barnevern slik han ligg føre.

Rådmannen i Austrheim får fullmakt til å overføre rådmannsfullmakt for barnevernet til rådmannen i vertskommunen, Alver kommune, før oppstart av samarbeidet.

Rådmannen samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Austrheim gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet også på vegner av Austrheim og Fedje.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunane Austrheim og Fedje søkte våren 2019 skjønnsmidlar frå fylkesmannen for å utvikle og sikre barnevernet i dei to kommunane. Bakgrunnen er at barnevernet i desse kommunane har hatt store utfordringar med å rekruttere fagfolk, og at tenesta som i andre mindre kommunar, er svært sårbar.

Dette var bakgrunn for at Austrheim og Fedje søkte om skjønsmidlar for eit utviklingsprosjekt for system og leiging innanfor barnevernet. Grunngevinga og behovet, for eit slikt prosjekt, møtte stor forståing, både i regionrådet som tilrådde prosjektet, og hos fylkesmannen som tildelte kr. 500.000,- i

2019.

Fylkesmannen har likevel stilt klare krav for å stille til rådvelde ytterligere utviklingsmidlar til Austrheim og Fedje. Dette var mellom anna tema i eit møte mellom fylkesmann Lars Sponheim og administrativ og politisk leiing i Austrheim kommune den 9. april 2019.

Fylkesmannen sitt krav for tildeling av prosjektmidlar, er at Austrheim kommune går i dialog med Alver kommune med sikte på eit framtidig fast samarbeid om barnevernstenesta. Dette er i tildelingsbrevet for skjønsmidlar eksplisitt formulert slik:

«Det blir gitt kr. 500.000,- i tilskot til Austrheim kommune knytt til barnevern. Dette inngår i den samla fordelinga av prosjektskjøn på kr. 15,5 mill. kroner. Dette blir gitt på kort sikt for å avhjelpa utfordringane i barnevernet. Det må bli gjennomført ein prosess med sikte på at Austrheim kommune inngår i eit samarbeid med nye Alver kommune om barnevernstenesta.»

Vurdering

1. Status i prosjektarbeidet for å integrere Austrheim og Fedje barnevern i Alver barnevern

I tråd med fylkesmannen sitt krav, vart det starta samtalar mellom Radøy, Meland og Lindås barnevern (Alver barnevern) ved barnevernsleiar / rådmannen i Radøy kommune og Austrheim kommune. Fedje har vore tett orientert om utviklinga.

I august 2019 vart etablering av eit prosjekt med sikte på å integrere Austrheim og Fedje Barnevern i Alver barnevern, forankra politisk i kommunane (Eks. Sak til formannskapet i Austrheim kommune 22.08.2019, sak 19/4640).

Det vart etablert ei prosjektgruppe med barnevernsleiar i Alver som prosjektleiar, og med fagleg og administrativ deltaking frå Alver kommune og Austrheim kommune.

Arbeidsgruppa har skissert tre fasar i prosjektarbeidet:

- Første fase: Fram til beslutningspunkt / utvikling av samarbeidsavtalen
- Andre fase: Implementering
- Tredje fase: Etablert drift etter implementering

2. Arbeidsgruppa si vurdering er at samarbeidet bør etablerast

I arbeidsgruppa er det semje om at samarbeidet mellom kommunane, med Alver kommune som vertskommune for barnevernet i kommunane, bør etablerast.

Føljande moment peiker i denne retninga:

- Kravet til høg fagleg kompetanse på mange område (sakshandsaming, førebygging, rettleiing, økonomi, juss etc. er ekstremt når det gjeld barnevern. Dette er ei teneste som arbeider tett følgd opp av media og tilsynsmyndigheiter, og der system og juss er i stadig utvikling. Mellom anna ser det ut til at ny barnevernslov, som no har vore på høyring, ytterlegare skjerpar kravet til kommunane. Mindre kommunar, som i tillegg til få tilsette,

også oftast får tilsett fagfolk med liten erfaring, har store utfordringar med å ha kompetanse og kapasitet på dette område.

- Nordhordland er eit felles oppvekstområde for barn og unge der vi ser stor mobilitet mellom kommunane for familiar som treng bistand.
- Kravet til akuttberedskap vert truleg skjerpa i den nye barnevernslova. Austrheim og Fedje barnevern kjøper i dag denne tenesta frå Bergen kommune, men det ligg truleg til rette for at denne akuttfunksjonen vert felles for alle kommunane i Nordhordland, og at den blir lokalisert til det nye Helsehuset.

Eit viktig grunnlag for samarbeidet er at Alver Barnevern vart etablert allereie frå 1.1.2019, og at det faglege grunnlaget for eit kvalitetsbarnevern allereie er lagt. Austrheim og Fedje kjem difor inn på eit gunstig tidspunkt for eit slikt samarbeid.

Det er og i stor grad felles forståing korleis prosessen for samanslåing bør gå føre seg, og kva som må prioriterast i denne prosessen. I samband med dette er første punkt å få etablert eit formelt beslutningspunkt for ein formell samarbeidsavtale. Først når den er på plass, kan ein gå vidare med dei personalpolitiske og faglege problemstillingane i prosessen.

3. Tema handsama i samarbeidsavtalen

Utkastet til samarbeidsavtale, slik det ligg føre, vert ikkje kommentert i detalj i denne saka. Vi ser likevel på nokre prinsipielle problemstillingar som er lagt inn i avtaleutkastet:

- Avtalen byggjer på prinsippet om eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova, med Alver kommune som vertskommune, og der rådmennene i Austrheim og Fedje delegerer mynde til rådmannen i Alver når det gjeld barnevernstenester.
- Med utgangspunkt i at samarbeidet omfattar største delen av Nordhordland, og at det er lagt til rette for eit fagleg sentrum i vertskommunen Alver, der det mellom anna og blir etablert akuttberedskap for regionen, foreslår ein å bruke namnet «Nordhordland Barnevern» som namn for samarbeidet.
- Oppgåvene for samarbeidet er heilskaplege lovpålagte barnevernstenester, inkludert naudsynt forsvarleg samarbeid med dei andre tenestene for born og unge i kommunane.
- Som vertskommune overtar Alver kommune arbeidsgjevaransvaret for tilsette i Austrheim og Fedje. Det blir ein dialog og prosess i forhold til dei tilsette etter at eit vedtak om samanslåing er gjort.
- Når det gjeld lokalisering er det slått fast at barnevernstenesta er lokalisert i Alver kommune, men skal vere til stades i samarbeidskommunane etter «tenestelege behov», dvs. i den grad det er viktig for brukarane og samarbeidande faggrupper i kommunane.
- Når det gjeld økonomi, er hovudressursen som ligg i barnevernets budsjett lønnsmidlar til fagfolk. Ved oppstart av samarbeidet er det stipulert ein personalressurs, dels for sakshandsaming, og dels for spisskompetanse, som vert samarbeidskommunane sin andel av personalressursen i Alver. Ut over dette er stipulert kostnadar til andre driftsutgifter som kontorhald, transport, kompetanse osv. Ekstraordinære kostnadar knytt til tiltak for enkeltindivid, vert betalt av den kommunen vedkommande er heimehøyrande i.
- Ved oppstart av samarbeidet er det krevjande å finne fram til rett system og nivå for finansiering av vertskommunen sitt arbeid for samarbeidskommunane. Ein legg difor til grunn at system og nivå skal evaluerast etter første heile driftsår i samarbeidet, og at erfaringane frå denne evalueringa skal arbeidast inn i budsjettprosessen for påfølgjande år.

Det er eit faktum at behov og erfaringstal for bruk av barnevernstenester i kommunane er svært ulike, ikkje minst mellom Fedje og dei andre kommunane. I implementeringsprosjektet og i

evalueringa etter første driftsår, vil dette bli vurdert.

4. Implementering – og finansiering av implementering

Å etablere eit interkommunalt barnevern som skissert her, krev ein ekstraordinær innsats i oppstartsåret. Arbeidsgruppa ser for seg å utvikle eit prosjekt for implementering med finansiering i hovudsak frå fylkesmannen. Dette i tråd med signal frå fylkesmannen tidleg i denne prosessen.

Vi ser for oss følgjande tema i eit slikt prosjekt:

- Heilskapleg fagleg gjennomgang av alle aktive og nyare saker som inngang til at det faglege ansvaret vert overført til vertskommunen.
- Utvikling av avtalar, system for finansiering, samarbeidsorgan som fungerer både for vertskommunen og samarbeidskommunane, og som har legitimitet i alle kommunane.
- Utvikling av tverrfagleg samarbeid med andre tenester for barn og unge, på tvers av kommunegrensene.
- Utvikling av ein felles kompetanseplattform for tverrfagleg samarbeid.
- Utvikling / tilpassing av delplan og fagplanar som fungerer ut over Alver kommunes behov, tilpassa regionen sine behov.
- I forhold til dette sjå på korleis samarbeid, system og beslutningsprosessar for interkommunalt barnevern er lagt opp i andre regionar.

Dette arbeidet er eit løft kommunane ikkje kan ta innanfor ordinære budsjett. Det er heller ikkje eit løft Austrheim eller Fedje har økonomi til å finansiere på eigen hand. Til sist er det heller ikkje ein innsats ein kan forvente at vertskommunen Alver kommune kan prioritere utan eksterne midlar.

Samtidig legg ein til grunn at dette er eit prosjekt som vil ha stor overføringsverdi for heile regionen, og for andre regionar der barnevernssamarbeid er på trappene. Det stettar difor i høg grad intensjonane bak fylkesmannen sine skjønnsmidlar.

5. Oppstart

Avtaleutkastet opnar for oppstart mellom 1.1- og 1.7.2020. Av omsyn til å kunne arbeide heilskapleg og langsiktig bør oppstart komme så tidleg som råd. Samtidig må vi ta høgde for at dette skjer gjennom forsvarlege prosessar. Finansiering av implementeringsprosessen må også vere på plass før oppstart er aktuelt. Vi legg til grunn at rådmennene i kommunane har fullmakt til å starte samarbeidet når desse føresetnadene er på plass.

Konklusjon

På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, tilrår rådmannen at avtalen vert vedtatt slik han ligg føre.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
083/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA-K23	16/274

Overføring av deltakarforhold i IUA - i samband med kommunesamanslåingar

Vedlegg

IUA Bergen region - Vedtekter.PDF

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gir sin tilslutning til at kommunene Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr. 31. desember 2019 med begrunnelse i kommunesammenslåing. Samtidig gir Austrheim kommune sin tilslutning til at de nye kommunene Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss blir deltakerkommuner i IUA Bergen region fra 1. januar 2020, og at disse kommunene overtar rettigheter og plikter fra sine respektive sammenslåtte kommuner.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vi viser til den pågående kommunesammenslåingen blant deltakerkommuner i IUA Bergen region hvor:

- Kommunene Lindås, Meland og Radøy blir Alver kommune
- Kommunene Fjell, Sund og Øygarden blir Øygarden kommune
- Kommunene Fusa og Os blir Bjørnafjorden kommune
- Kommunene Granvin og Voss blir Voss herad

Kommunesammenslåingen utløser behov for endring av IUA Bergen region sine vedtekter. Forslag til vedtektsendringer vil bli lagt frem for behandling på det ordinære årsmøtet i april

Vurdering

Ein slutter seg til forslag frå IUA Bergen region.

Konklusjon

Austrheim kommune gir sin tilslutning til at kommunene Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr. 31. desember 2019 med begrunnelse i kommunesammenslåing. Samtidig gir Austrheim kommune sin tilslutning til at de nye kommunene Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss blir deltakerkommuner i IUA Bergen region fra 1. januar 2020, og at disse kommunene overtar rettigheter og plikter fra sine respektive sammenslåtte kommuner.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
095/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
084/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-037	14/1668

Austrheim som medeigar i VANNVEST AS. DIHVA endring frå IKS til AS

Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap vedtek å gå inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe ein aksje i Vannvest AS. Aksjen har pålydande kr 5000,- i tillegg yter Austrheim kommune eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarende kr 5 pr innbyggjar. Samstundes går Austrheim kommune ut av samarbeidet i DIHVA IKS.

Formannskapet - 095/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar for teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om denne saka: Austrheim kommune har vore medlem av Dihva ein del år. Organisasjonen hjelper med planarbeid, oppfølging av prøvetakingsplanar, arrangerer kurs og anna, og er til god støtte. Dihva har også samordna den VA-normen som no er laga for Austrheim og ti andre kommunar. Trykket frå Mattilsynet har auka etter det som skjedde med drikkevattnet på Askøy, og det er behov for å vera med i Dihva-samarbeidet vidare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at denne saka handla om endring i organisasjonsforma for selskapet.

Myrmel stadfesta dette og sa at Dihva vert omorganisert til eit AS. Kostnaden til endringa vert dekkja innanfor Vatn/avlaup.

Handsaming i formannskapet.

Samrøystes vedtak om rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim formannskap vedtek å gå inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe ein aksje i Vannvest AS. Aksjen har pålydande kr 5000,- i tillegg yter Austrheim kommune eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarende kr 5 pr innbyggjar. Samstundes går Austrheim kommune ut av samarbeidet i DIHVA IKS.

Saksopplysninger:

SAMANDRAG

Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS (DIHVA IKS) er ein samarbeidsorganisasjon mellom 33 kommunar innanfor offentlig vatn og avløp. DIHVA er eit interkommunalt selskap med 6 tilsette, og føremålet er å vere ein samarbeidsorganisasjon for eigarane. Omsetjinga i 2018 var kr. 12 538 256 og eigenkapitalen pr. 31.12.18 var kr. 2 551 867.

- 22 kommunar har vore medeigar frå etableringa i 2004
- 11 kommunar har slutta seg til utan at formelt eigarskap er etablert
- 4 kommunar er tilknytt som «medlem»

Med stor fokus på bl.a. drikkevatt og løysingar knytt til rensing av avløpsvatt er det svært ynskjeleg at alle deltakarane i samarbeidet er, eller vert, eigarar av verksemda, og også at nye kommunar kan verte med. Eigarskap er vesentlig for å løyse oppgåver i eigenregi utan å vere i strid med innkjøpsregelverket. Då DIHVA IKS vart stifta, vart det lagt til grunn at nye eigarar kunne takast opp gjennom vedtak i representantskapet, men IKS-lova opnar ikkje for å delegere slik mynde. Dette betyr at ei endring av eigarsamansetjing må vedtakast i kommunestyret hjå alle eigarar. Med mange eigarar er dette ein tungvindt og tidkrevjande prosess, og har i praksis vist seg å vere til hinder for eit smidig opptak av nye eigarar.

Styret, tilsette og representantskapet ynskjer å vidareføre verksemda til DIHVA IKS i eit nytt aksjeselskap (AS). Som tidlegare ynskjer ein då eit selskap med ikkje økonomisk føremål, og med vedtekter som er tilpassa selskapet som ein samarbeidsorganisasjon. Generalforsamlinga, eller etter fullmakt styret, vil i eit AS kunne ta opp nye kommunar som eigarar utan ny sakshandsaming og vedtak i alle kommunestyra.

I tråd med dette vert den enkelte kommune invitert til å gjøre vedtak om:

- a. Å delta i stifting av Vannvest AS
- b. Å yte et ansvarlig lån til Vannvest AS.
- c. Å tre ut av DIHVA IKS (gjeld dei 22 kommunane)

Bakgrunn

Austrheim har vore medlem i DIHVA IKS.

Vurdering

Austrheim har hatt nytte av eit medlemskap i dette samarbeidet. Kommunen har nytta det som eit fagorgan som har gitt verdifull kompetanse i arbeidet med vassforsyninga. Det har vore eit drøftingsorgan i arbeidet med dokumentasjon og rutinar i handteringa av vatn. Det siste året har vist kor aktuelt det er med kompetanse på dette feltet. Det er svært ynskjeleg at Austrheim blir med på

denne stiftinga av det nye selskapet.

Folkehelse

Det er viktig for folkehelsa å ha til ei kvar tid tilgang på kompetanse innan feltet vassforsyning.

Miljø

Økonomi

Medlemskap gir tilgang på kompetanse ein ellers hadde måtte betale konsulentkostnader for.

Konklusjon

Rådmannen innstiller på at formannskapet teiknar medlemskap i Vannvest AS.

Kostnad.

Medlemskap	5 000 kr
------------	----------

«Lån» 5 kr pr innb	<u>14 410 kr</u>
--------------------	------------------

<u>Sum</u>	<u>19 410 kr</u>
------------	------------------

Kostnaden vert ført på ansvar 6100 og teneste 3450. Det er her kostnader med vatn vert ført. Tiltaket er ein del av drifta av vassverket som skal vere sjølvfinansierande med avgifter.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
114/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
085/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/495

Bemanningsnorm i barnehagane - oppheving av lokalt vedtak som har auka bemanninga

Vedlegg

Innspel om Budsjettkutt - uttale frå FAU/SU Kaland barnehage

Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel barnehage

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre opphevar vedtak i K-sak 068/14. Austrheim kommune fylgjer den sentralt vedtatte bemanningsnormen i barnehagane.

Formannskapet - 114/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik sa at det har vore bra å ha fastsett auka bemanning, men slik den økonomiske situasjonen er for Austrheim i dag, så må den statlege normen vera godt nok. Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om saka. Grunnkravet er at det for ei avdeling med 18 born skal det vera tre tilsette i hundre prosent stilling, og at det i ei avdeling med 24 born skal vera fire tilsette i hundre prosent stilling. For barnehagelærarar skal det vera ein tilsett for dei første sju borna, og om det er 14 born skal det vera to barnehagelærarar. Desse barnehagelærarane har fire timar i veka til førebuing, samarbeidsmøte med meir, tilsvarande som for ein lærar. Slik vert det mindre tid med borna når det er to pedagogar og ein fagarbeidar på avdelingane, enn om det hadde vore tre fagarbeidarar.

I vedtaket frå 2014, som ein ønskjer å oppheva no, vart det sagt at det skal setjast inn ein ekstra ressurs i barnehagane i den tida barnehagelærar har til planlegging. Vedtak om å ha fleire vaksne i barnehagane har vore eit vedtak om auka kvalitet, men rapporten "Austrheim, frå krise til utvikling" viser at kommunen ligg høgt på ressursbruk i barnehage, og dette er eit av tiltaka for å redusera dette. Mongstad viste vidare til at ein må ta med at barnetalet i barnehagane har gått ned i 2018 og 2019, og vil gå vidare ned dei kommande åra.

Ordfører Per Lerøy viste til at det er kutta ein del i barnehagane dei siste åra, og spurte korleis stemninga er no mellom dei tilsette. Lerøy la til at det hadde vore bra om ei slik sak hadde vore drøfta i administrasjonsutvalet, som er kontaktpunktet mellom politisk nivå og dei tillitsvalde. Det er nyttig for politikarane å møte dei tillitsvalde, og få innspel derifrå.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det er komme ein del innspel frå foreldre, og frå tillitsvalde gjennom hovudtillitsvalde. Ein har ikkje spekulert å gje lite tid til uttale, og andre avdelingar har hatt mindre tid. For kommuneøkonomien er det slik at Austrheim kom verre ut i dette statsbudsjettet enn venta, og det å gå ned til statleg norm for bemanning er eit grep for å spare. Men det vil vera eit sagn, og vil auka belastninga på dei som er att.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han var samd i at denne saka burde vore oppe i administrasjonsutvalet. Dyrkolbotn spurte om korleis kommunen har brukt dei interne organa i barnehagane sine FAU/SU, og sa at ein burde brukt desse til drøfting.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at kommunen etter hans meining har gjort det dei skal i denne saka, og gått tidleg ut til styrarar og til fagforbunda. Men det har vore veldig korte tidsfristar i denne saka.

Varaordfører Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med tidlegare innlegg i at dette er ei sak der administrasjonsutvalet hadde vore eit viktig fora. Brekke sa vidare at denne saka er todelt. Ein ting er å gå ned til statleg norm for bemanning, noko Brekke synest er greitt, men ein treng likevel ikkje ta det same nedtrekket på budsjettet.

Rådmann Liv Løvvik svara at kommunestyret kan vedta kva dei vil, men dersom kommunestyret skal endra på nedtrekket må politikarane saldera dette slik at budsjettet går i null. For Austrheim slo statsbudsjettet veldig dårleg ut, ein fekk ikkje eingong dekka lønsveksten. Barnehage ligg over andre kommunar, og er saman med skule dei områda som har høgast kostnad. Vedtaket om auka bemanning var fornuftig så lenge ein hadde midlar, men no er det trongare økonomi i kommunen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han vil støtta framlegget om gå ned til statleg norm. Det vert eit dårlegare tilbod, men barnehagen overlever.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at det borna dette vil gå ut over. Dei tilsette må stå meir på, men det er borna det vil gå hardast ut over.

Rådmann Løvvik sa om budsjettarbeidet at i 2018 hadde ein betre tid på deg enn no i 2019. Det For 2021-budsjettet er det ønskjeleg å starta arbeidet våren 2020. Dette er ikkje det siste kuttet i drifta, det må kutta vidare i neste år og året etter.

Morten Sognnes (H) sa at det er viktig å behandla dei tilsette godt i slike prosessar, til dømes at tilsette ikkje får oppseiing med tilbod om ny jobb, og så etter eit halvt år seinare er det ny oppseiing.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig med gode prosessar, der ein har ei felles forståing av kva ein skal gjennom. Kutta vert tøffe, difor er det viktig at dei tilsette kjenner seg trygge, for då vil også foreldra kjenna seg trygge. Gode prosessar er også viktig for å skapa tillit mellom politikarane, dei tilsette og dei som skal ha tilbodet.

Rådmann Løvvik sa om prosessen at dette skal verta betre med tilsetting av ein eigen kommunalsjef for oppvekst, som skal kunna følgja opp desse sakene.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa om prosessen, at når det er gjort endeleg vedtak så må ein sjå om det er mogleg å bruka administrasjonsutvalet til dette.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre opphevar vedtak i K-sak 068/14. Austrheim kommune fylgjer den sentralt vedtatte bemanningsnormen i barnehagane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I K-sak 068/14 gjorde Austrheim kommunestyre vedtak om å tilføre meir ressursar til bemanninga i barnehagane enn det som var avtalt sentralt.

I rapporten etter prosjektet «Austrheim – frå krise til utvikling,» viser KOSTRA-tala frå 2016 og 2017 at barnehagane i Austrheim ligg over normert nivå og over lønnskostnader i samanliknbare kommunar. I 2018 og 2019 førte dette til ei reduksjon i bemanninga, gjennom naturlege avgangar og gjennom oppseiing av stillingar. I tillegg gjekk barnetala ned i 2018 og 2019 i begge barnehagane, noko som forklarar ein stor del kvifor det er reduksjon. Barnehagane reduserte bemanninga med:

	2018	2019
Austrheim kystbarnehage	3,0 stillingar	3,8 stillingar
Kaland barnehage	6,9 stillingar	1,53 stilling

Normen for bemanning er det ei 100% stilling pr 6 plassar:

1 100% stilling: 3 barn under 3 år (desse barna tel 2 plasser)

1 100% stilling: 6 barn over 3 år

Barnehagen si organisering med møtetid, pedagogressurs, prosjekt osv. gjev etter den sentralt vedtatte normen, ikkje noko ekstra tilføring av ressursar. Ei slik tilføring av ekstra ressursar var det bemanninga i K-sak 068/14 gav.

I tillegg gjev Barnehagelova bestemmelsar om krav om ressurs til barn med spesielle behov. Det er og krav om individuell tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte for å kunne nytte seg av eit ordinært barnehagetilbod (både personell og fysiske hjelpemiddel), §19a og §19g. Slike ekstra ressursar er ein rett som alle barn har, det er fylgt opp i Austrheim og.

Etter ein gjennomgang av bemanninga, innstiller rådmannen i budsjett 2020 til kutt:

	2020
Austrheim kystbarnehage	1,7 stilling
Kaland barnehage	1,9 stilling

Vurdering

Økonomi

Rådmannen har bede styrarane å setje opp dagens bemanning i barnehagane. For å finne

bemanningsnorm:

- Austrheim kystbarnehage 120 plasser : 6= 20 heile stillingar (grunnbemanning)
- Kaland barnehage: 75 plassar : 6 =12.5 stillingar (grunnbemanning)

I tabellen nedanfor er det også satt opp totalt bemanning som er alle stillingane i barnehagen.

		Bemanning haust 2019	Rådmannen sitt forslag til reduksjon i 2020 Budsjett	Rådmannen si forslag til ramme 2020
Austrheim kystbarnehage				
	Styrar	1,00		
	Styrarassistent	1,00	-0,25	
	Spesped	0,80	-0,25	
	Assistent spesped	0		
	Assistent i plantid	1,20	-1.2	
	Grunnbemanning	20,00		20,00
Stillingar totalt Kaland barnehage		24,00	-1.7	22.3
	Styrar	1,00		
	Styrarassistent	0,00		
	Spesped	0,40		
	Assistent spesped	0,25		
	Assistent i plantid	0,6	-0,6	
	Grunnbemanning	14,41	-1,3	13,11*
Stillingar totalt		16,66	-1,9	14,76

1. Austrheim Kystbarnehage reduserer stillingane til styrarassistent og sped ped med tilsaman 0,5 stilling. I tillegg reduserer barnehagen 1,2 stillingar ved å ta bort assistentressurs som erstattar pedagogane si plantid. Nedbemanninga vert gjort ved oppseiing av tilsaman 1,7 faste stillingar og gjennom omorganisering i eigen barnehage.
2. Kaland barnehage reduserer bemanning med 1,9 stillingar. Nedbemanninga vert gjort ved naturleg avgang og permisjon (vakant stilling i permisjonstida)

Kaland: *-0.6 plantid: 01.01.20, * - 0,6 naturleg avgang: 31.01.20 *-0,7 permisjon (vakant): 01.04.20 = sum 1,9 stillingar totalt.

Tabellane ovanfor tar rådmannen med i saksutgreiinga for å vise kva endringa inneber og at kommunen etter nedtrekket oppfyller den sentrale norma.

1.aug 2018 blei det innført ei nasjonal pedagognorm som seier at det skal vere 1 pedagog pr 7 barn under 3 år og 1 pedagog pr 14 barn over 3 år. Begge barnehagane tilstrebar ei måloppnåing her. Kaland barnehage klarar ikkje å oppfylle krava, og går med for lite pedagogar i - **0.44 stilling**.

Rådmannen legg heile tida opp til at dette kravet skal oppfyllest. Dette vert prøvd oppnådd ved nye tilsetjingar.

Pedagogane har rett til minimum 4 timar plantid pr veke gjennom sin tariffavtale. Då er dei ikkje på avdeling saman med barna, men har plantid på kontor i barnehagen.

For barnehagane i Austrheim kommune utgjer dette:

Austrheim kystbarnehage: 10 pedagogar à 4 timar = 40 t plantid i veka. På 4 av avdelingane utgjer dette 8 timar. Det vil seie at det 8 timar i veka det er 2 tilsette på 18 barn over 3 år eller 3 tilsette på 12 ettåringar.

Kaland barnehage: 24 t pl i veka. 6 ped à 4 timar i veka (2 av avdelingane har 2 pedagogar, då utgjer dette 8 timar borte frå avd)

Pedagognorm har ført til at det er fleire pedagoger i barnehagen for å sikra kvalitet i arbeidet. Det betyr også fleire timar til planlegging, og dermed mindre tid på avdeling saman med barna.

I tillegg er det innført bemanningsnorm som skal sikre eit minimumskrav, og som skal styrke bemanninga i barnehagen. Dette gjev kommunane ei utfordring fordi dei ulike lovendingane er motstridande. Bemanningsnorm skal sikre eit minstekrav til bemanning, medan pedagognormen indirekte fører til at det er blir færre personale tilstades på avdelingane saman med barna i delar av dagen.

Då saka vart lagt fram i 2014, hadde Austrheim ein meir rommeleg ramme i økonomien. I saka vart det argumentert med bl.a

- endra opningstid frå 07.15 til 16.30.
- fleire barn har full dag med 9 timar i barnehagane (6 timars tilbodet vi hadde hatt, fall bort)
- fleire barn frå 1-2 år.
- auka krav til planlegging, rapportering og dokumentasjon
- tidlegare hadde barnehagane berre barn med norsk som morsmål

Rådmannen er einig i at dette er endra krav, og ein må akseptere at den pedagogiske utviklinga på barnehagen betingar andre krav no enn for nokre tiår tilbake. Sentralt er det ikkje noko krav om å styrkje bemanninga utover sett bemanningsnorm og pedagognorm. I dagens økonomiske situasjon, har ikkje Austrheim råd til å ha eit slikt fordyrande opplegg for bemanning.

Konsekvensar ved å oppheva vedtak:

- Pedagogane kan få vanskar med å gjennomføre pålagt planleggingstid i arbeidstida.
- Barnehagane klarar ikkje å oppfylle bemanningsnorma, dersom pedagogane ikkje blir erstatta (for å klare dette i dag så fordeler vi vakter utover dagen, då dekkar vi ca 5,5 timar der alle er tilstades på jobb)
- Prosjekt utanom vanleg drift, må vurderast frå gong til gong.
- Det økonomiske handlerommet blir redusert
- Auka vikarutgifter fordi det ikkje er «reserve» i bemanninga
- Venteliste kan bli lenger og barn får ikkje plass sjølv om dei har lovfesta rett til plass.

Rådmannen viser til den økonomiske situasjonen i Austrheim, og meiner at ein ikkje kan leggje inn

politiske vedtak om bemanning som i neste omgang gjer Austrheim sine barnehagar dyrare enn barnehagar i samanliknbare kommunar. Rådmannen si innstilling er at kommunestyret må oppheve det tidlegare vedtaket om å styrke bemanninga utover sentral norm.

Konklusjon

Rådmannen innstiller at kommunestyret opphevar vedtak i K-sak 068/14. Austrheim kommune fylgjer den sentralt vedtatte bemanningsnormen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
086/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019
004/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019
013/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	05.12.2019
019/19	Arbeidsmiljøutvalet	PS	09.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/495

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Vedlegg

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 (Feil på tabell)

Kutt i budsjett 2020 - uttale frå Fagforbundet v/HTV

Kutt i budsjett 2020 og nedbemanning i barnehagane i Austrheim Kommune

Innspel frå NSF ved Unn Iren Martinsen Tangedal

Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel barnehage

Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel skule

Konkrete framlegg til innsparingar/inntektsauke Austrheim sokn

Taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 (PDF)

Innspel om Budsjettkutt - uttale frå FAU/SU Kaland barnehage

Innspel om flytting av 8. klasse ved Kaland ungdomsskule frå FAU Kaland

Rådmannen sitt budsjettsskriv 08.11.2019

Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak

Epost_oversendelse_notat

Merknad1_RMNF_Sak_og_budsjettinnspel_busstransport_auferer_rmnf

Sak_og_budsjettinnspel_busstransport_auferer_rmnf

Vedlegg - Dokument-ID 196313 Budsjett 2020

Austrheim ungdomsråd - innspel til budsjettet for 2020

Budsjett 2020 - Appell frå barn og unges representant i Austrheim kommune

Styret og leiar for Austrheim ungdomsråd - innspel til Budsjett for 2020

Oppdatert taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 115/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa om budsjettering for havbruksfondet at det er likt andre kommunar å budsjettera på denne måten, det er lagt inn 5 millionar anna kvart år og 440.000 det andre året.

Lerøy etterlyste midlar i post 18007 - skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Økonomisjef Olav B. Andersen og rådmann Liv Løvvik svara at det er sagt frå Fylkesmannen at det ikkje er sikkert at det kjem midlar her, og rådmannen ønskjer ikkje å budsjettera med midlar som ein ikkje er sikker på.

Lerøy la til at dette var eit skjøn som kommunen fekk på grunn av at småkommunetilskotet vart halvert, og der fekk ein to millionar kroner ekstra for å kompensera litt av dette.

Ordfører Lerøy viste til at utbyttet frå BKK nok vil enda rundt 2 millionar kroner.

Ordfører Lerøy etterlyste at heile inntektsveksten frå VA er teke med i budsjettet, og meiner at kommunen sine eigne utgifter til renter og avdrag ikkje skal auka i samband med dette. Må ta kostnadene ved VA-investeringar over på brukarane av desse tenestene, så snart arbeidet er gjort.

Økonomisjef Andersen lova å sjekka dette med VA-utgifter innan kommunestyret 12/12.

Økonomisjef Andersen sa at kommunen har fastrente, med renter på under 2 prosent. Om ein no skal binda igjen er det på høgare renter. Austrheim har treft godt med rentebinding tidlegare, på 1,7 og 1,9 prosent. Ein halv prosent auke i rente gjev ein million kroner i årlege renteutgifter.

Rådmann Løvvik sa at ein må vurdere dette med fastrente nøye, det er ulike prognoser for kva som er lurt å gjera.

Økonomisjef Andersen viste til at for økonomiplanperioden så skal ein ned sytten millionar dei kommande fire åra, og det er sett opp ein del kutt dei tre siste åra i perioden. Rådmannen har lagt opp til 4,9 millionar i årleg overskot for å nå minstekravet på 1,75 prosent i resultat.

Løvvik viste til at dette er minstekravet for overskot, og særleg viktig for Austrheim som ikkje har særlege fondsmidlar å tæra på.

Ordfører Lerøy støtta rådmannen i at det er viktig for kommunen å ha fond i bakhand, når ein til dømes frå Havbruksfondet har inntekter annakvart år. Lerøy la til at det kan verta endringar på statlege rammer, for det er så mange fylke og kommunar som slit.

Varaordfører Inger Lise Brekke sa at ho ikkje trur det vert romslegare for kommunane framover, når ein ser situasjonen heile landet under eitt. Må avgrensa kva kommunen skal beskjeftiga seg med, og planlegga med at det vert stramt. Uansett kva regjering det er som styrer, så er det for store utgifter på statleg nivå, anten det er uføre eller sjukepengar. Dagens nivå er ikkje berekraftig.

Løvvik sa om læringar at kostnaden varierer, etter kvart som læringane er komne lengre løpet så kostar meir. Om barnevernet sa Løvvik at ein ønskjer å redusera kostnadene vert å få til betre tiltak. Må klara å unngå einestillingar, som er veldig kostbare og heller ikkje heldig for barnet som har dette tilbodet. Barnevernet skal i samarbeid med Alver, men viktig at eit samarbeid som dette er

sjølvfinansierande og ikkje bidreg til å finansiera tenesta hjå vertskommunen.

Ordførar Lerøy etterlyste ei grundig orientering om kva som har skjedd i barnevernet i Austrheim, kva har skjedd dei siste åra, og kva ser ein for seg vidare. Lerøy viste til at han hadde snakka med ordførarane i Masfjorden og Gulen, som har fått gode tilbakemeldingar på tenestene i eit tilsyn frå Fylkesmannen, men kritikk for at politikarane ikkje visste nok om korleis tenestene fungerer.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at dersom ein kjem i posisjon til å starta samarbeid med Alver så må det opp som sak i kommunestyret i desember, og då kan det vera naturleg å ta ei orientering om arbeidet i barnevernet.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim ønskjer å reforhandla gjesteelev-avtalen med Lindås kommune. Denne er frå 90-talet, og gjev 25.000 kroner til Austrheim per elev, medan sum etter ein ordinær avtale er 100.000 kroner. Dersom ein kjem opp i sjølvfinansiering er det oppunder 1 million i ekstra inntekt berre frå andre halvår 2020.

Om klasseflytting sa ordførar Lerøy at det å flytta åttande trinn frå Kaland til Årås verkar som ein start på flytting av ungdomstrinnet til Årås, utan at det er gjort vedtak om dette. Ei slik flytting kan få mykje motstand.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at han ser at det kan bli problematisk. Administrasjonen legg dette fram, men så kan politikarane kan be om at dette vert utgreidd nærare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han nok ville gå for rådmannens framlegg, men er samstundes samd med ordførar Lerøy i at det må startast eit større arbeid, og der bør ein seia at hausten 2021 skal ein ha ein felles ungdomsskule i Austrheim.

Morten Sognnes (H) sa at han ser at utdanningsforbundet vil ha fådelt skule for desse, på Kaland. Sognnes sa at med ein ny avtale med Alver kan ein få auka inntekter for desse gjeste-elevane på Kaland, det får ein ikkje ved ei flytting til Årås, for då vert ikkje desse elevane med. Sognnes sa vidare at med ei flytting til Årås så kan ein risikera at også Kaland-elevar vil søka seg til Lindås ungdomsskule.

Olav Mongstad sa at dersom ein ikkje flyttar elevane i 8. klasse frå Kaland til Årås, og slår saman 8. og 9. på Kaland til fådelt klasse, så vil det bety at ein brukar 40 prosent meir lærarressurs enn om ein flyttar desse elevane til Årås. Mongstad viste tal for elevutviklinga framover (ligg ved).

Inger Lise Brekke (H) sa at ho var skeptisk til fådelt skule, når undervisninga skal vera individuelt tilrettelagt for den enkelte eleven. Dette er veldig krevjande å få til.

Olav Mongstad sa at det er utvikla ein eigen pedagogikk får fådelt skule der ein vekslar mellom årsplanane på kvar ein hentar stoffet sitt. Det er problematisk i matematikk, der det er strengare krav til progresjon, men greitt i fag som norsk og samfunnsfag.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er ein ting er å gjera noko akutt no, men det kan ikkje legga føringar på korleis ein kan løysa dette vidare.

Rådmann Løvvik viste til at det pågår ein prosess med å tilsetja ny leiar for oppvekst og kultur, og dette med å samla ungdomsskulane er det første som denne må ta fatt i. Men det å samla klassane på alle ungdomsskuletrinn til ein klasse er det ikkje mogleg å gjera, sidan det er for mange elevar til å ha ein klasse.

Ordfører Per Lerøy sa at det ikkje er tilstrekkeleg at det vert sagt i møtet at dette ikkje er første del av ei flytting til Årås. Rådmannen eller kanskje heile formannskapet må møte foreldre i Kaland-krisen om dette, og få ut informasjonen.

Ønsket frå Ap/H er å samla ungdomsskulen på ein skule, men også samla mellomtrinnet. Ein vil starta arbeidet med å visa korleis dette kan gjerast, sjå på kostnader til investeringar med meir, og ha det klart slik at det kan settast i verk frå skuleåret 2020/2021.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det må skje noko. Ikkje fleire nemnde, rådmannsgruppa må berre setta i gang!

Lerøy presiserte at dette måtte vera ei rein administrativ gruppe, utan politiske medlemmer.

Olav Mongstad sa at gjesteelev-avtalen med Lindås har seks månaders oppseiing, og skal ein seia den opp så må det skje etter politisk vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må ta med i budsjettvedtaket at ein skal seia opp avtalen for reforhandling.

Per Lerøy (Ap) sa at målet må vera at ein skal komma i mål med denne avtalen, det er viktig for miljøet på Kaland at elevane frå Åsheim-krisen går der.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim vil tapa 25.000 kroner x 31 elevar = 775.000 kroner om ein misser alle desse Kaland-elevane til Lindås (elevane frå Åsheim-krisen).

Inger Lise Brekke (H) sa om skule at ein ser frå andre kommunar at det er god effekt med å tilsetta ein miljøarbeidar, som jobbar med andre ting enn det faglege, som skulemiljøet med meir. Det er ikkje lovpålagt, men likevel ei styrking av det arbeidet som skulen gjer.

Rådmann Løvvik svara at det kan ein gjera, men det kan ikkje erstatta det faglege.

Ordfører Lerøy etterlyste informasjon ut om at Anita Soltveit er folkehelsekoordinator i Austrheim kommune. Møtesekretæren tok på seg å informera.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa om kutt i arbeids- og opplæringscenteret, at her er det eigentleg ikkje kutta men det er lønna som er flytta over til Vestlia. Tilsette i Vestlia følgjer med opp på arbeidssenteret.

Ordfører Lerøy sa om startlånordninga at kommunen må nytta dei ordningane som Husbanken, har til å hjelpe familiar til å kjøpa eigen heim. Til dømes ved å bruka 50 års nedbetalingstid og liknande.

Om Nordliheimen sa økonomisjef Olav B. Andersen at det er ein større auke i budsjettet, men det var budsjettet feil i 2019 og dette er ei korrigering av dette. Dette er ei justering opp til det ein reelt sett brukar.

Om interkommunalt landbrukskontor sa Olav Mongstad at ein tek sikte på å gå inn i Alver, med ei bemanning tilsvarande i dag.

Om vatn, avløp og renovasjon sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein skal sjå nærare på dette med at inntektene skal dekkja auka utgifter til investeringar.

Om befolkningsvekst sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein reknar 35.000 per person i inntektsvekst

per nye innbyggjar.

Økonomisjef Olav B. Andersen sa om økonomiplanen at det ligg uspesifiserte nedtrekk for åra vidare, i 2021, 2022 og 2023.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit framlegg med innføring av eigedomsskatt (Vedlegget ligg ved) For 2020 er det sett opp korleis dei ekstra midlane skal fordelast. Dyrkolbotn sa at det er drastisk å kutta så mykje i ungdomstilbodet. Dette tilbodet er med på å gjera det attraktivt å flytta til Austrheim. Ein har bygd opp eit ungdomsklubbtilbod, og har lag og organisasjonar som driv godt. For KrF er det viktig å gje ein grunn til å bu her, det må vera attraktivt. I KrF sitt framlegg er eigedomsskatten lagt inn med auke ein promille årleg opp til høgaste promille. Dyrkolbotn sa vidare at dersom ein spør folk i Austrheim om dei vil vera med på spleiselag for dette, så seier dei ja. Andre kommunar har brukt eigedomsskatten til å komma seg ut av Robek, og klart å fjerna den etterpå. Det er upopulært, men KrF skal klara å stå i dette.

Økonomisjef Olav B. Andersen gjekk gjennom investeringsbudsjettet.

Morten Sognnes (H) etterlyste om det er noko innsparing frå investeringane, til dømes innan omsorgsteknologi.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme svara at det vil gå mange år før ein ser noko effekt av dette på stillingar. Noko av investeringane er frå fornying av ringeanlegget på Nordliheimen, det må ordnast uansett.

Inger Lise Brekke (H) spurte om investering til steinalderbuplass, kan ein skyva vidare på dette? Dette er spørsmål om prioritering, er skeptisk til at ein får effekt av dette på besøkstal med meir.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at fylket har gitt 400.000 kroner og riksantikvaren 270.000 kroner, som ein har fått utsett bruken av til 2020. Det er sagt at dette skal vera eit fyrstårnprosjekt, og ein vil knyta det opp i biosfæreprosjektet i Nordhordland. Korleis kan ein gjera ting i Fosnstraumen for å tilretteleggja, for fridykking, fiske, kanskje med å laga ei gangbru og amfi? Om me ikkje startar arbeidet i 2020 så har me ikkje midlar til dette. Mongstad sa vidare at Austrheim skal i møte med fylket og andre i prosjektet i desember.

Ordførar Lerøy viste at det står nesten 700.000 kroner som ein ikkje får om det ikkje skjer noko med prosjektet. Kanskje kan ein få biosfæreprosjektet til å ta noko av denne kostnaden, for å bruka prosjektet til å fortelja historia om regionen frå steinalder til oljealder? Lerøy vil la denne posten stå inntil vidare.

Helge Dyrkolbotn sa at det er fornuftig å halda på dette vidare, for å sjå om regionen/biosfæreprosjektet kan ta noko av kostnaden, og prøva å få midlar ekstern i Europa.

Olav Mongstad sa at dette er ein kommunal eigendel, og så kan ein søka om ulike midlar i tilskot for å realisera dette.

Rådmann Løvvik sa at ein kan bruka prosjektet til å skapa ein reiselivsdestinasjon, med ei historie som er litt annleis. Biosfære handlar om berekraft, det er mange opptekne av i dag. Trur at biosfære kan vera ein sjanse til å fortelja ei anna historie enn det alle andre kan fortelja. Oppfordrar til å leita opp Aftenposten Innsikt sin omtale av dette.

Ordførar Lerøy sa at ein kan gje prosjektet tid fram til kommunestyret 12. desember.

Avrøysting:

To røyster for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp). Framlegget fall. Teksten var slik:

Framlegg frå Austrheim KrF Sak 115/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Austrheim kommune innfører eigedomsskatt frå og med år 2020 til og med 2023

*Dette vil gje fylgande auke i **frie disponible inntekter (ca tal)**:*

2020	2021	2022	2023	totalt
2 mill	4 mill	6 mill	8 mill	20 mill

Dei ekstra inntektene vert fordelt slik for 2020:

	2020
<i>Kulturmidlar/anna kultur</i>	200.000
<i>Skyss til Aufera</i>	400.000
<i>Kulturskulen</i>	250.000
<i>Austrheim sokn</i>	300.000
<i>Auka ressurser oppvekstsektoren</i>	500.000
<i>Ungdomsrådet</i>	50.000
<i>Disp.fond</i>	350.000

Samrøystes for Ap/Høgre sitt framlegg om skulen, som går inn som verbalpunkt nummer 12 i budsjettvedtaket som er sendt vidare til kommunestyret. Teksten er slik:

Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:

Kostnadar og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kostnadar og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg (men ordførar Per Lerøy presiserte at ein kan komma tilbake til summar og verbalpunkt når budsjettsaka skal opp i kommunestyret).

Handsaming i formannskapet:

To av tre for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (støtte frå Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp)

Samrøystes for Ap/Høgre sitt tilleggsframlegg om skule.

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

1. Budsjett 2020 – Økonomiplan 2020-2023, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einkilde åra:

Rammeområde	2020	2021	2022	2023
Ansvar				

2. Total ramme for 2020 til fordeling drift vert kr. 200 307 000,- . Rådmannen har mynde til å tildele til dei ulike ansvarsområda innanfor denne ramma.

3. Den totale investeringsramma for år 2020 vert sett til 19 400 000 kr:

Føremål	Kostnad
Låneautomat bibliotek	100 000
Fagfornyng skulane PC småskuletrinn	500 000
IKT skulane	150 000
IKT barnehagane	100 000
Kaland 1 skulekjøkken	100 000
Omsorgsteknologi	1 000 000
Steinalderbuplassen Fosnstraumen	200 000
Tiltak i landbruket	300 000
VA-investeringar	15 000 000
IKT kommunen	150 000
IKT felles i kommunen	400 000
Byggutbetring	500 000
Kyrkja – utbetring	700 000
Digitalisering/ombygging i Servicekontoret	200 000
	19 400 000

Den totale investeringsramma for 2020 vert finansiert slik:

Ordinært låneopptak 8,4 mill

Overføre førre år 8,5 mill

Sal av eged. 2,5 mill

Prosjekt som vart vedteke for 2019 og ikkje er avslutta, vert vidareført innanfor vedteken ramme slik det vart finansiert i 2019.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2020 vert fastsett til 30 år.

4. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 11.04.2019 i K-sak 017/19.

5. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversikter, med bakgrunn i

gjevne driftsrammer.

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. esktl. § 10.

8. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

9. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

10. Eigedomsskatten vert skriven ut i 2 terminar jf. esktl. § 25 første ledd. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

11. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2020. Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:

Kostnadar og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kostnadar og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
099/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
087/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-231	14/1606

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2020 -Godkjenning

Vedlegg

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for Austrheim kommune 2020

Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2020 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2020.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

Formannskapet - 099/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft forklarte at ein har lagt på gebyra med 3 prosent, slik rådmannen har bedt om.

Dispensasjonar kostar ein del, men ikkje meir enn i nabokommunane Meland og Radøy.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein skal ikkje vera prisleiande på desse gebyra, men kommunen skal samstundes ha inntekter til å dekkja kostnadene sine.

Toft sa vidare at kommunen auka desse gebyra med seks prosent i fjor, før det kjem tre prosent i tillegg i år. Det ein må vera observant på er at kommunen kan risikera at folk ikkje søker.

Ordførar Lerøy viste til at venta prisvekst i 2020 er 3,1 prosent, og denne auken er under dette.

Asbjørn Toft la til at det i Austrheim er god dialog med søkerane, slik at folk får komma innom og leggja fram saka si utan at det kostar noko, og ein tek også synfaring utan å ta gebyr. Slik unngår ein konflikt i etterkant av søknader, og får også betre kvalitet på søknadene.

Ordførar Lerøy sa at det er bra med dialog før folk søker, slik at ein unngår at folk søker og må betala

gebyr, i saker der dei kan få beskjed på førehand om at det vert avslag. Lerøy opplever at folk er nøgde med den servicen dei får på dette området.

Morten Sognnes (H) gav skryt til byggesak for korleis dei møter innbyggjarane.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2020 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2020.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

Saksopplysninger:

Gebyr for handsaming etter plan- og bygningslov, matrikkelov, lov om eigarseksjonar, forureiningslov, jordlov og konsesjonssaker vert gjort i medhald av gjeldane lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Austrheim kommune. Det er avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø som i hovudsak handsamar desse forvaltningssakene. Kommunane som samarbeider gjennom Nordhordland Digital har felles gebyrmaal for handsaming av saker innan teknisk forvaltningssektor, dette gjeld og Austrheim kommune. Nordhordland digitalt er eit organ der 10 kommunar samarbeider om utvikling av e-kommunen, kartverk, geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen og adressering. Austrheim kommune kan krevje gebyr for enkeltsaker i bygge- og dispensasjonssak. Handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. Det er mange saker elles som Austrheim kommune ikkje kan få inn gebyrinntekter på, det gjeld kommuneplanarbeid, kommunedelplanar, områdeplanar og uttalar i saker som har med m.a. konsesjonar å gjera som t.d. kraftleidningsaker og havbrukssaker. Veileding, informasjon og rettleiing er og noko kommunen gjer i tråd med forvaltingslova og god forvaltningsskikk, det tek kommunen heller ikkje tek gebyr for. Målet er at gebyrinntektene skal dekke dei reelle kostnadene med arbeidet med sakshandsaminga ved dei ulike tenestene i avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Avgiftsgrunnlaget er alltid usikkert. Endringane i lovverket kan og koma som gjer at tiltak skal handsamast på ein annan måte. Gebyrinntektene i 2020 er og avhengig av tal saker/søknadar som kjem inn. Godkjenning av kommuneplanen sin arealdel i 2019 vil truleg føra til ein nedgang i gebyrinntekter i 2020 på grunn av færre dispensasjonsaker. Austrheim har elles ein praksis som på fleire vis slår bra ut for dei som søker, mellom anna ved at det er eitt gebyr på kvar samla dispensasjonssøknad, heller enn eitt gebyr per konkrete dispensasjon slik nokre andre kommunar gjer det. I arbeidet med kommuneplanen er det og lagt inn moglegheit for fortetting og igangsetting av ulike tiltak som gjer at innbyggjarane slepp å søka dispensasjon for å få dette på plass mange stadar. Det er og færre saker enn tidlegare som er søknadspliktige i bustadområde, dette fordi det er mange reguleringsplanar i Austrheim kommune som er vorte godkjente i tidlegare uregulerte område, dei siste åra. Endringane i lovverket om søknadsplikt gjev reduksjonar i inntekt på

byggesak, men meir arbeid med tilsyn, informasjon og veileding.

Vurdering:

Rådmannen vil informera om at det er viktig at gebyrregulativet inneheld alle tenester det er aktuelt å krevje gebyr for i den aktuelle kommunen. Så er det opp til den einkilde kommune å setje gebyrsatsen i forhold til kostnader kommunen har med sakene. Rådmannen vil peika på at i tråd med målet om at gebyrinntektene skal dekke arbeidskostnadene ved dei ulike tenestene, vert det lagt fram forslag om auke i gebyrsatsane i samsvar med konsumprisindeksen. I samsvar med kommunen sin økonomi og handlingsrom framover vert det difor gjort framlegg om å auke gebyra noko knytt til plan- og byggesaksdelen av plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova.

Rådmannen vil opplyse om at handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. I 2019 har kommunen opplevd ein del saker som krev dispensasjon frå arealdel av gjeldane planar, og byggeforbodet i 100 metersbeltet langs sjø. Dette er saker som krev mykje resursar pr. sak, dei som vert påklaga går vidare til Fylkesmannen i Vestland til endeleg avgjerd.

Gebyr for handsaming av saker etter plan- og bygningslova er no vorte på same nivå i Austrheim kommune som i andre kommunar i Nordhordland. Dette sjølv om kompleksiteten er større i tettstadar som til dømes Knarvik og Frekhaug, her vert det gjerne og fleire klagesaker å handsama.

Rådmannen ser at gebyrinntektene varierer frå år til år, utifrå byggjeaktiviteten, tal delingsaker og omfanget av dei private reguleringsplanane. Rådmannen meiner at satsane generelt bør aukast med om lag 3 % for å halda på målet om å dekkja den same del som før av arbeidskostnadane på avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Rådmannen vil understreka at kommunen får gode tilbakmeldingar frå innbyggjarar og næringslivet på tenestene kommunen gjer på forvaltningssida. Det er og hamneavgifter i gebyrregulativet, dette for å kunne vedlikehalda mellom anna den kommunale molokaaien i Nordre Fønnesvågen, desse er ikkje justert.

For 2020 gjer rådmannen framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og bygningslova, matrikkellova (oppmåling) og forureiningslova med nokre unntak med om lag 3 %, jf. vedlagt rekneark med oppsett. Rådmannen rår til at gebyrregulativet for 2020 vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.

Konklusjon:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2020 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2020.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
088/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-231	19/807

Avgift - betaling i kulturskolen 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune aukar elevavgifta i 2020 med 3,6% i kulturskolen. Avgifta vert kr 1.528,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon. Avgifta for barnekoret vert kr 429,- per semester, og for babysong kr 1.019,- per semester. Sal av dirigent/instruktørenter til korps vert kr 295,- per time, og til vaksenkor kr 402,- per time.

Formannskapet - 100/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er sjølvkost på vaksenkor-dirigent. Om det ikkje er sjølvkostpris, er det rett at kommunen skal subsidiera vaksne sin hobby?.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at ein eventuelt kan leggja inn i vedtaket at det skal vera sal av timar til sjølvkost.

Helge Dyrkolbotn (KrF) svara at det var OK med den auken det er lagt opp til for 2020, så får ein sjå neste år på dette igjen. Per Lerøy støtta Dyrkolbotn i dette.

Rådmann Løvvik sa at administrasjonen skal sjekka i tida fram til kommunestyret 12/12, og komma med opplysning om kva som er sjølvkost på desse dirigenttimane.

Per Lerøy sa at ein må vera forsiktig med å auka betalinga for mykje i kulturskolen. Austrheim kommune skårar dårleg på kultur i undersøkingar, og dette er eit felt der det er viktig å vera attraktiv.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommune aukar elevavgifta i 2020 med 3,6% i kulturskulen. Avgifta vert kr 1.528,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon. Avgifta for barnekoret vert kr 429,- per semester, og for babysong kr 1.019,- per semester. Sal av dirigent/instruktørtjenester til korps vert kr 295,- per time, og til vaksenkor kr 402,- per time.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Regulering av elevavgift i Austrheim Kulturskule, og pris på sal av dirigent/instruktørtjeneste.

I 2019 auka avgifta i kulturskulen med 3% . Avgifta er 1.475,- per semester, og det vert gitt 25 % søskenmoderasjon. For barnekoret er avgifta kr 412,- per semester, for babysong kr 984. Sal av dirigent/instruktørtjenester til kor og korps kr 273,- per time.

Vurdering

Austrheim kommune bør auke elevavgifta i 2020 med 3,6%. Me har vurdert satsane i forhold til kommunar i Nordhordland, og ser at timeprisane for sal av tenester i Austrheim kulturskule har vore låg. Me aukar satsane for aktivitetar for born/skulekorps til kr 295,- per time. Dette er ein auke på ca 8%. For aktivitetar for vaksne/songlaget vert ny timepris kr 402,-, ein auke på ca 47%.

Konklusjon

Austrheim kommune aukar elevavgifta i 2020 med 3,6% i kulturskulen. Avgifta vert kr 1.528,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon. Avgifta for barnekoret vert kr 429,- per semester, og for babysong kr 1.019,- per semester. Sal av dirigent/instruktørtjenester til korps vert kr 295,- per time, og til vaksenkor kr 402,- per time.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
089/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	19/810

Avløpsavgift 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2020. Avgiftene vert auka med 3 % frå 2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2020

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

Formannskapet - 101/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel viste til at dette skal vera sjølvfinansierande. Det har vore eit stort etterslep, og kommunestyret sette opp avgifta på avlaup no i 2019 for å ta inn att noko av det etterslepet ein har. Avgifta her er utrekna ut frå dei tilrådingane som er gitt, og er basert på kalkylane for utbyggingar framover og det etterslepet som ein har.

Auken som er lagt inn er på tre prosent.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2020. Avgiftene vert auka med 3 % frå 2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2020

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen har utfordrande oppgåver på avløp sektoren i åra framover. Etterkalkyle frå rekneskap for 2018 viser at vi i dag har 68.8% dekning av kostnadene på kloakkavgifta. Kloakkavgifta vart derfor

auka med 45% frå 01.07.19. Ein rår derfor til at kloakkavgifta no vert auka med 3% for å dekke inn faktiske kostnader på avløpsnettet.

Tilknytingsavgifta vert sett lik tilknytning for vassleidning.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Vurdering

Fra 2019 til 2020 forventes de totale kostnadene å øke med 3 %, hvorav utgifter til varer og tjenester endres mest med 2 %. Kapitalkostnadene utgjør 17 % av de totale kostnadene og forventes å øke med 280 982 kr fra 2020 til 2024 som følge av planlagte investeringer.

Ein forventar å oppnå selvkost i 2020.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2020. Avgiftene vert auka med 3% frå 2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
110/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
090/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	19/799

Gebyr slam 2020

Vedlegg

Kommunal saksførebuing til budsjett 2020 - gebyr slam

Framlegg til vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

Formannskapet - 110/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar Teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er ikkje lagt opp til auke i slamavgifta i 2020. Denne har ikkje vore auka dei siste åra, etter at det er bygd opp fond som ein tærer på.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792

- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Slamtømming vert ordna gjennom det interkommunale selskapet NGIR. Representantskapet i NGIR gjorde 28.10.19 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2020. For ytterlegare bakgrunnsinformasjon sjå skrivet frå NGIR.

Konklusjon

Nye satsar vert slik som representantskapen i NGIR har tilrådd.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
109/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
091/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	19/808

Feieavgift 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek uendra gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2020.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

Formannskapet - 109/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar Teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Frå 1. januar 2020 er det Nordhordland Brann og Redning som tar feiinga i Austrheim. Dei tek over denne oppgåva etter Vestnorske Feiertjenester, som har hatt denne oppgåva for Austrheim kommune.

Avgiftene i oppsettet er etter framlegg frå Lindås kommune. Summen går ned på hus med to piper, og litt opp på hus med ei pipe.

Det er lite forskjell frå dagens satsar, som no vert harmoniserte med kommande Alver kommune og med Modalen.

Med nye krav om feiing av hytter må ein no skaffa seg eit erfaringsgrunnlag for å sjå kva avgiftene

skal vera for fritidsbustader. Det er dyrare å feia når ein må ut i båt for å nå fram til hytter på øyer, der det også er krav om to feiarar som reiser saman. No er tanken å kjøra lik avgift for hus og hytter ein får erfaringstal som viser om ein skal differensiera mellom desse.

Morten Sognnes (H) sa seg samd i at det vil vera ulike kostnader alt etter kvar hyttene ligg.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2020.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Feieavgift for 2020. Kommunen har for 2019 ca 1200 piper, herav er abonnenter som har hus med 2 piper ca 75. Frå 2017 skal og hytter og fritidshus ha feiing og tilsyn. Kostnad med dette vil ein ikkje ha oversikt over før etter 2 gangs feiing for deretter og kunne fastsette hyppigheit for feiing. Ein legg derfor inn lik avgift som for hus fram til ein har denne oversikten. Kommunen har avtale med innleiet firma som utfører feiing og tilsyn av bustadhus denne avtalen vert utvida til og å gjelde hytter og fritidshus. Denne avtalen vil gjelde ut 2019. Fra 2020 vil feiing og tilsyn verte lagt inn under Nordhordland brann- og redning.

Vurdering

Feiing og tilsyn vert utført av Nordhordaland brann og redning. Feiinga er behovsprøvd men skal gjennomførast minst ein gang kvart fjerde år. Abonnentane vil derfor oppleve tenesta ulikt, noko som enkelte erfaringsmessig finn urettferdig.

For 2019 er årleg gebyr.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
--	----------	---------------------------

Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Framlegg til nye satsar 2020.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Konklusjon

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
111/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
092/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	19/804

Renovasjonsavgift 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.20

Renovasjonsgebyr 2020	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterenasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Formannskapet - 111/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar Teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er ikkje lagt opp til auke i renovasjonsavgifta i 2020. Denne har ikkje vore auka dei siste åra, etter at det er bygd opp fond som ein tærer på.

Ordførar Per Lerøy (Ap) kommenterte at renovasjonsselskapet NGIR vert drive på ein særst god måte.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.20

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2020			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytter renovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fastsetjing av renovasjonsgebyr for 2019. NGIR rår til uendra gebyr frå 2018 til 2019
I økonomiplanen for 2018-2021 var det kalkulert med at renovasjonsgebyret skulle auka med 1,4 % frå 2018 til 2019. Med dei prognosar som no ligg føre vil det vera mogleg å halda renovasjonsgebyret uendra.

Vurdering

Rådmannen rår til at NGIR sitt framlegg til gebyr vert vedteke

Økonomi

NGIR har eit stort utjamningsfond som gjer at ein kan budsjettera med uendra gebyr også i 2020 sjølv med eit driftsunderskot på kring 5 millionar kroner.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.19

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2020			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
112/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
093/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	19/809

Vassavgift 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek auke på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.20

Avgiftene for 2020 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.942,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	6.414,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		4.097,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	27.10
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

Formannskapet - 112/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Leiar Teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er lagt til ein auke i vassavgifta no, det kjem av at det har vore underdekning dei siste åra, i tillegg til at det er planlagt ein god del investeringar framover. Med nøyare føring av mannskapskostnad viser det seg også at det er større ressursar som er brukte på vatn enn tidlegare registrert.

Høgdebassenget på Årås har fått nytt tak i haust, men etter kvart må ein sjå på sjølve tanken. Det er 4 mm stål i veggene, men enkelte stader er det nede i 1,5 mm resterande, på grunn av korrosjon. Også utanom høgdebassenget er det store arbeid som står att for vassutbygginga, som ringleidning fram til høgdebassenget. I hovudplan for VA er det sagt at ein skal investera for 10 millionar årleg dei kommande ti åra.

Samstundes har Austrheim kommune ei vassavgift som ikkje er avskrekkande. Akkurat i år er det ikkje rett å samanlikna seg med Alver, sidan dei tre kommunane Lindås/Meland/Radøy no tømmer fonda sine for å nullstilla før kommunesamanslåinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la på vegner av Høgre og Ap fram eit tilleggsframlegg for tilknytingsavgift og årleg avgift for naust. Lerøy viste til vassforbruket for naust og flytebrygge er mykje lågare enn andre tilknytningar, og i ein kystkommune med mange naust og båtanlegg, er det stor interesse av å ha ferskvatn fram til naustet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurde om ikkje naust/båtanlegg kunne ha krav om vassmålar.

Rolf Henning Myrmel ba om at det vart sett krav om vassmålar i eit slikt vedtak, på grunn av at dette er eit typisk punkt for lekkasjar, med ein slange som ligg ute på ei brygge. Kostnad til ein vassmålar for eit slikt mindre anlegg vil ikkje vera særleg over 1.000 kroner. Myrmel viste elles til at kommunen no differensierer tilknytingsavgift etter kva inntaksleidning ein har, for å skilja mellom bygg med lite og stort behov for vatn inn til bygget.

Per Lerøy (Ap) svara at vassmålar kan ein gjerne ha, men presiserte at dette skulle gjelda mindre anlegg med lågt forbruk.

Rådmann Liv Løvvik ba om at ein såg på kva kostnader kommunen kan få med dette framlegget.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurde kva reglar det er om ein vil leggja inn vatn i eit naust.

Rolf Henning Myrmel svara at når ein legg inn vatn må det også vera søkt om avløp.

Rådmann Liv Løvvik ba om at administrasjonen får kna litt på dette litt fram til neste møte, for å sjå på samanhengen opp mot avløp.

Per Lerøy sa at det framleis må vera greitt å spyla slog på sjøen, men at det er OK at administrasjonen kjem tilbake med retningslinjer for målar og avløp.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek auke på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.20

Avgiftene for 2020 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.942,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	6.414,-

Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		4.097,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	27.10
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²		26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak			26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak			52.790,-

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fastsetjing av vassavgifter for 2020.

Vurdering

Årsgebyret for vatn i Austrheim kommune er bare basert på forbruk og foreslås i 2020 satt lik 27,10 kr/m³. Samlet årsgebyr blir da kr 6 414 for en normalabonnt over 90 m². Fra 2019 til 2020 endres årsgebyret med 25 %. Gebyret til den enkelte abonnt vil variere med abonntkategori og forbruksnivå.

Økonomi

Fra 2019 til 2020 forventes de totale kostnadene å reduseres med 11 %, hvorav lønnsutgiftene endres mest med 2 %. Kapitalkostnadene utgjør 32 % av de totale kostnadene og forventes å øke med 189 377 kr fra 2020 til 2024 som følge av planlagte investeringer. Hovedinntektskilden er art "16400 kommunale årsgebyr" som utgjør 96 % av gebyrinntektene. Dekningsgraden for selvkost er i dag 78% og for 2020 legg ein opp til ein dekningsgrad på 103%.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek auke på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.20

Avgiftene for 2020 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.942,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	6.414,-

Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		4.097,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	27.10
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²		26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak			26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak			52.790,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
102/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
094/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	19/764

Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 160,- pr. dag. Dette er ei auke på 3 %.

Formannskapet - 102/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om saka. Kommunen ønskjer gjerne at tilbodet vert nytta meir, og ein vil ha fleire innom dagsenteret. Dette kan bidra til at fleire kan bu heime lengre, det kan hjelpa mot einsemd mellom eldre, og ein kan også komma i gang med fysioterapi med meir når ein er innom dagsenteret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 160,- pr. dag. Dette er ei auke på 3 %.

Saksopplysninger:

I kommunestyret den 13.12.2019 sak 099/18 vart det vedteke følgjande:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert

fastsett til kr. 155,- pr. dag. Dette er ei auke på 4 %.

Vurdering

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert auka frå kr. 155,- til kr. 160,- pr. dag.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 160,- pr. dag for 2020. Dette er ei auke på 3 %.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
095/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	19/763

Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 3 % for følgjeteneste i 2020.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: Kr. 100,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: Kr. 73,-

Formannskapet - 103/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om saka.

Dette er ei teneste som vert lite brukt, dette vert ofte løyst av frivillige via frivilligsentralen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 3 % for følgjeteneste i 2020.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: Kr. 100,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: Kr. 73,-

Saksopplysninger:

Heimetenesta kjører av og til brukarar til butikk, frisør og liknande. Dette er ei teneste som er lite

brukt, og den er ikkje lovpålagd.

I kommunestyret sitt møte den 13.12.2018 sak 100/18 vart følgjande vedteke:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 4 % for følgjeteneste i 2018.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: Kr. 97,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: Kr. 71,-

Vurdering

Eigenandelen vert auka frå kr. 97,- til kr. 100 for følgjeteneste og frå kr. 71,- til kr. 73,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 3 % for følgjeteneste i 2020.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: Kr. 100

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 73,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
096/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	19/758

Betaling for heimetenester 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen med 3 % for betaling av heimetenester for 2020. Husstander med inntekt inntil 2 g (kr. 199.716,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 - 3 G	Kr. 705	Kr. 185
3 - 4 G	Kr. 886	Kr. 285
4 - 5 G	Kr. 1234	Kr. 318
Over 5 G	Kr. 1563	Kr. 359

Formannskapet - 104/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om saka.

Timeprisane vert nytta frå start, men om ein har over 8 timar i månaden går ein over på abonnement.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen med 3 % for betaling av heimetenester for 2020. Husstander med inntekt inntil 2 g (kr. 199.716,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 - 3 G	Kr. 705	Kr. 185

3 - 4 G	Kr. 886	Kr. 285
4 - 5 G	Kr. 1234	Kr. 318
Over 5 G	Kr. 1563	Kr. 359

Saksopplysninger:

Austrheim Kommunestyre vedtok i møte 13.12.2019 sak 101/18 følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2019: Husstander med inntekt inntil 2 G(kr. 199.716,-) har ein eigendel pr. måned for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 684	Kr. 180
3 – 4 G	Kr. 860	Kr. 277
4 – 5 G	Kr. 1198	Kr. 309
Over 5 G	Kr. 1517	Kr. 359

Vurdering

Satsene for betaling av heimetenester auker som følgjer:

	Betaling pr. mnd.frå	Timepris frå	Betaling pr mnd til	Timepris til
2 – 3 G	684	180	705	185
3 – 4 G	860	277	886	285
4 – 5 G	1198	309	1234	318
Over 5 G	1517	349	1563	359

Konklusjon

Austrheim kommunestyre auker satsen med 3 % for betaling av heimetenester for 2020. Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 199.716,-) har ein eigendel pr. måned for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 705	Kr. 185
3 – 4 G	Kr. 886	Kr. 285
4 – 5 G	Kr. 1234	Kr. 318
Over 5 G	Kr. 1563	Kr. 359

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
105/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
097/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE-231	19/759

Betaling for middag og lunsj 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 3 %.

Prisen vert slik:

Hente sjølv: Kr. 93,-

Heimkjørt: Kr. 103,-

Spise på Nordliheimen: Kr. 103,-

Spise lunsj på Nordliheimen: Kr. 62,-

Formannskapet - 105/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om saka.

Dette tilbudet har stor etterspurnad, og det er mange som nyttar seg av det. Nordliheimen har eit fantastisk flott kjøkken med stor serviceinnstilling, og har eit godt mattilbod både til dei som er på Nordliheimen og dei som kjøper lunsj og middag. Det er viktig med ernæring for bebuarar og heimebuande, og Austrheim er no med eit pasientsikkerhetsprogram for å sikra at ein oppdagar endringar i vekt.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 3 %.

Prisen vert slik:

Hente sjølv: Kr. 93,-

Heimkjørt: Kr. 103,-
Spise på Nordliheimen: Kr. 103,-
Spise lunsj på Nordliheimen: Kr. 62,-

Saksopplysninger:

Vurdering

Prisen for middag som ein henter sjølv auker frå kr. 90,- til kr. 93,-.

Prisen for middag heimkjørt auker frå kr. 100,- til kr. 103,-

Prisen for å spise middag på Nordliheimen auker frå kr. 100,- til kr. 103,-

Prisen for å spise lunsj på Nordliheimen auker frå kr. 60,- til kr. 62,-

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 3 %.

Prisen vert slik:

Hente sjølv Kr. 93,-

Heimkjørt: Kr. 103,-

Spise på Nordliheimen: Kr. 103,-

Spise lunsj på Nordliheimen: Kr. 62,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
098/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	19/767

Betaling for tryggleiksalarm 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingssatsen for tryggleiksalarm med 3 % for 2020. Dei nye satsane blir:

Kr. 274,- for inntekt inntil 2 G

Kr. 441,- for inntekt over 2 G

Formannskapet - 106/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om saka.

Austrheim kommune er no i gang med velferdsteknologi, og har også starta ny svarteneste for alarmer. No fungerer dette slik at dersom ein brukar utløyser alarmeren så går alarmeren til denne svartenesta, som igjen tek kontakt med heimetenesta. Innan velferdsteknologien ligg det mange funksjonar etter kvart som det vert bygd ut.

Velferdsteknologi er elles lovpålagt frå 1.1.2020, og skal vera gratistenesta dersom det kjem som erstatning for ei anna gratisteneste.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingssatsen for tryggleiksalarm med 3 % for 2020. Dei nye satsane blir:

Kr. 274,- for inntekt inntil 2 G

Kr. 441,- for inntekt over 2 G

Saksopplysninger:

Vurdering

Betaling for tryggleiksalarm vert auka med 3 %.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingssatsen for tryggleiksalarm med 3 % for 2020.

Dei nye satsane blir:

Kr. 274,- for inntekt inntil 2 G

Kr. 441,- for inntekt over 2 G

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
107/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
099/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/495

Betalingsseter for barnehageplass for 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar fylgjande satsar for barnehageplass i 2020.

Timetal	Tal dagar pr veke	Sats pr mnd frå 01.01.2020
45 t/v	5	Kr 3 135
36 t/v	4	Kr 2 508
27 t/v	3	Kr 1 881
18 t/v	2	Kr 1 254

Juli er betalingsfri månad

Betalingsseter pr dag for kjøp av ekstra dag: 283 kr inklusiv matpengar

Søskenmoderasjon: 30 % søskenmoderasjon for 2 barn, og 50% søskenmoderasjon for 3 barn og oppover.

For sein henting/overtid: 169 kr pr påbegynt kvarter.

Frå 2020 er det sentralt bestemt at foreldre kan søkje om redusert betaling etter fastsette kriterier.

Austrheim kommune fylgjer desse bestemmelsane.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringane som kjem frå sentralt hald.

Formannskapet - 107/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Olav Mongstad orienterte om saka. Beløpa er baserte på statlege satsar

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar fylgjande satsar for barnehageplass i 2020.

Timetal	Tal dagar pr veke	Sats pr mnd frå 01.01.2020
45 t/v	5	Kr 3 135
36 t/v	4	Kr 2 508
27 t/v	3	Kr 1 881
18 t/v	2	Kr 1 254

Juli er betalingsfri månad

Betalingssats pr dag for kjøp av ekstra dag: 283 kr inklusiv matpengar

Søskenermoderasjon: 30 % søskenermoderasjon for 2 barn, og 50% søskenermoderasjon for 3 barn og oppover.

For sein henting/overtid: 169 kr pr påbegynt kvarter.

Frå 2020 er det sentralt bestemt at foreldre kan søkje om redusert betaling etter fastsette kriterier.

Austrheim kommune fylgjer desse bestemmelsane.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringane som kjem frå sentralt hald.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Stortinget vedtek maksimalpris for barnehagane. Satsane er dei same anten barnehagen er kommunal eller privat. Kommunane kan tilby lågare pris enn maksimalsatsen. Barnehagen kan kreve betaling for kost(matpengar) i tillegg til maksprisen. Austrheim gjer det, vi krev inn etter sjølvkostprinsippet. Stortinget vedtok maksprisane 11.10. 2019.

Søskenermoderasjon.

Stortinget vedtok og storleik på søskenermoderasjon. Det er minimum 30% reduksjon for 2. barn og minimum 50% for tredje barnet og oppover. Austrheim følgjer desse makssatsane.

I tillegg er det to ordningar for familiar med låg inntekt.

1. Den eine ordninga går ut på at ingen hushaldning skal betale meir enn 6 % av inntekta si til barnehagen.
2. Frå 1. august 2016 har alle 3-, 4- og 5-åringar og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med låg inntekt, rett til 20 timar gratis kjernetid pr veke. Frå august 2019 vart dette utvida til å at også 2- åringane fekk denne retten.

Det er foreldre/føresette som søkjer om å kome inn under denne ordninga.

Vurdering

For 2019 gjeld desse satsane.

TIMETAL	TAL DAGAR PR. VEKE	SATS PR. MND FRÅ 01.01.19	SATS PR. MND FRÅ 01.08.19
45 t/v	5	kr. 2.990	kr. 3 040
36 t/v	4	kr. 2.392	kr. 2.432
27 t/v	3	kr. 1.794	kr. 1.824
18 t/v	2	kr. 1.196	kr. 1.216

- Juli er betalingsfri måned
- Sats pr. dag for ekstra dag: kr. 275,- inkl. matpengar
- Søskenmoderasjon: 30 % søskenmoderasjon for 2.barn, og 50 % søskenmoderasjon for 3.barn og oppover.
- For sein henting. Kr. 164,- pr. påbegynt kvarter
- Matpengar: Varierer etter antal dager og litt frå barnehage til barnehage

Rådmannen gjer framlegg om fylgjande satsar for 2020.

Austrheim kommunestyre vedtar fylgjande satsar for barnehageplass i 2020.

Timetal	Tal dagar pr veke	Sats pr mnd frå 01.01.2020
45 t/v	5	Kr 3 135
36 t/v	4	Kr 2 508
27 t/v	3	Kr 1 881
18 t/v	2	Kr 1 254

Juli er betalingsfri måned

Betalingssats pr dag for kjøp av ekstra dag: 283 kr inklusiv matpengar

Søskenmoderasjon: 30 % søskenmoderasjon for 2 barn, og 50% søskenmoderasjon for 3 barn og oppover.

For sein henting/overtid: 169 kr pr påbegynt kvarter.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringane som kjem frå sentralt hald.

Stortinget kejm truleg til å fastsetje ei betalingsordning for hushaldningar med låg inntekt. Austrheim kommune fylgjer dei retningslinjene som eventuelt vert fastsett. Ordninga som er føreslått, vil fylgje normen for redusert betaling i barnehagane. Det gjeld barn i 1. klasse. 2. klasse og funksjonshemma barn opp til 7. klasse. I skrivande stund har rådmannen ikkje oversikt på korleis dette vil slå ut på inntektene til SFO.

Økonomi

Rådmannen rår kommunestyret til å fylgje dei nasjonale vedtatte satsane for barnehageåret 2020.

Konklusjon

Rådmannen gjer framlegg om at Austrheim kommune følgjer dei nasjonalt vedtatte satsane for 2020. I tillegg nyttar barnehagane matpengar etter sjølvkostnader.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
108/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
100/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bodil Boie Brekkan	FE-231	18/892

Betalingssatsar SFO 2020

Framlegg til vedtak:

Betalingssatsar for SFO i 2020

Formannskapet - 108/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om auken, som er på 3 prosent frå 2019 til 2020.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Betalingssatsar SFO 2020

Timetal	Betalingssats
Til og med 10 t/v	1728
10,5 t/v – 14 t/v	2420
Meir enn 14 t/v	3218

Søskemoderasjon: Det vert gitt 30% søskemoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **kr. 271.**

Pris for kjøp av ekstratimar: **kr. 47**

Saksopplysninger:

Søskensmoderasjon: Det vert gitt 30% søskensmoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **kr.271.**

Pris for kjøp av ekstratimar: **kr.47**

Prisane for SFO er justerte opp med 3% i høve til prisnivået for 2019.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
101/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-231	19/131

Gebyr alkohol- og tobakksaker 2020

Vedlegg

Oppsummering kontrollar fram til 14/11/2019 - sal alkohol - tobakk - skjenking

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

Formannskapet - 113/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Sakshandsamar Ketil Tjore viste til at det i Alkoholpolitisk plan er fastsett at gebyr i alkohol- og tobakksaker skal følgja statleg fastsette satsar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen fører kontroll med salsløyve for alkohol, skjenkeløyver (faste/ ambulerande/

einskildhøve), og med sal av tobakk. Dette vert gjennomført med bruk av kontrollørar som jobbar på timebasis (interkommunalt samarbeid). Gebyra er med på å finansiera kontrollarbeidet.

Vurdering

I Ruspolitisk Handlingsplan 2016-2020 er det nedfelt som prinsipp at:

«Austrheim kommune nyttar dei til kvar tid gjeldande satsar for sals- og skjenkeavgift, jamfør lov og forskrift».

Når denne handlingsplanen skal fornyast i løpet av 2020 kan kommunestyret anten halda på dette prinsippet, eller endra det. Inntil ei endring eventuelt skjer, vil ein følgja prinsippet om å følgja statlege satsar.

Konklusjon

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
102/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-233	14/1714

Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020

Framlegg til vedtak:

Prioritering	Ordinære anlegg	
1 135301	2 tiltak på Kaland barn- og ungdomskule	Fornyast
2 135302	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast
3 139368	Redskapsbod i Årvika friluftsområdet Universell turveg Steinalderstien Fosnstraumen	Fornyast Idrettsfunksjonell godkjenning
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	Aktivitetsflate m/gapahuk i turstien Lerøy Vel	Ny søknad
	Øksneset – BOF	Idrettsfunksjonell godkjenning 2018

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Anleggsregisteret.no er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, og alle søknader skal registrerast elektronisk. Det er ein føresetnad at prosjekt vi søker spelemidlar til skal stå i ei prioritert liste i det rullerte handlingsprogrammet til planen. Det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, idrett og fysisk aktivitet for alle

(ref. DKK-rundskriv V-0994 N). Vi kan søkje om spelemidlar til ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg. Det er fleire søknadar enn det er spelemidlar til i fylket, og vi må rekne med å søkje i minst 3 år før vi kan vente å få utbetalt tilskot til Ordinære anlegg, mens tilskot til Ordinare Nærmiljøanlegg ser ut til å gå raskare.

Ordinære anlegg: hovudregel er at vi kan søke om tilskot på inntil 1/3 av godkjente kostnader. Nokon anleggstypar kvalifiserer til tilskot på inntil 50% av godkjente kostnader. Dette gjeld turvegar/-løyper og –stiar, og enkelte spesielle tiltak.

Nærmiljøanlegg, uteanlegg eller område for eigeorganisert fysisk aktivitet:

vi kan søke om tilskot på inntil 50% av godkjent kostnad. Øvre grense for tilskot er sett til kr 300 000 per anleggseining.

Vurdering

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjende planar må ligge føre før ein set i gang med byggearbeida, og prosjekta må vere fullfinansiert for å få tilskot (ref. V-0732). I Austrheim kommune er det kulturavdelinga som handsamar spelemidlar og etter samråd med teknisk- og planavdelinga vert det laga ein førehandsgodkjenning. Prosjekt kan dermed starte opp før endeleg søknad vert sendt inn til fylket med eit kvalifisert budsjett/anbud/faktisk kostnad/ finansieringsplan m.m. På bakgrunn av denne kan vi starte prosessen med å søkje om spelemidlar innan 15. januar.

Utbetalte spelemidlar frå fylke 2019:

Fonnesstraumen Ballbinge kr 287.000

Årvika badeplass kr 213.000

Kaland grusbane kr 39.000

Krav vi skal sende til fylke som ventar på utbetaling av spelemidlar 2019

Kaland Barne- og ungdomsskule Sport court kr 300.000,-

Avslag på søknad, der søknaden tilfredstillar dei formelle vilkår for tilskot.

Søknadar som må fornyast.

Gymsal på Kaland barne- og ungdomsskule kr 1.200.000,-

Rehabilitering lys i Austrheimshallen kr 246.000,-

Redskapsbu i Årvika kr 112.000

Universell turveg Steinaldersti Fosnstraumen (ikkje klar til å søkje): Austrheim kommune samarbeidar med Radøy kommune for oppgradering av Steinalderstien på begge sider av Fosnstraumen. Vi har kontakt med grunneigarar og Bergen og Omland friluftsråd for mogleg statleg kjøp av grunn, og tilrettelegging av friluftsområde og formidling av kulturminne. Austrheim kommune har fått tilsegn om kr 400.000 til fyrtårnprosjektet Steinaldersti i Austrheim. Dette er eit tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne, og ikkje spelemidlar. Vi kan bruke dette tilskotet som eigeandel til universell turveg til formidling av steinaldaren. I tillegg har vi fått tilsegn om kr 292.000 i BARK midlar frå Riksantikvaren. Vi må få på plass avtalar med grunneigar og fjerne skog, før vi kan søkje om spelemidlar til dette prosjektet.

Prioriteringa av dei ulike anlegga vert gjort i høve til rådmannen sin kjennskap til kor langt det enkelte prosjekt er kome i planlegginga, og etter søknad og signal frå lag og organisasjonar. Austrheim kommune har vedteke «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og følgjer opp målsetjinga i planen. Visjon: «*Aktiv kvar dag, heile livet*»

Økonomi

Prosjekt vert ikkje starta før vi har finansieringa klar.

Konklusjon

Prioritering	Ordinære anlegg	
1 135301	2 tiltak på Kaland barn- og ungdomskule	Fornyast
2 135302	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast
3 139368	Redskapsbod i Årvika friluftsområdet Universell turveg Steinalderstien Fosnstraumen	Fornyast Idrettsfunksjonell godkjenning. Ikkje klar til søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	Aktivitetsflate m/gapahuk iturstien Lerøy Vel	Ny søknad
	Øksneset – BOF	Idrettsfunksjonell godkjenning 2018

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019
087/19	Formannskapet	PS	04.11.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA-A40	19/680

Høyringsvar - fritt skuleval til vidaregåande skule

Vedlegg

Høyring om fritt skuleval til vidaregåande skule

Framlegg til vedtak:

Framlegg A

Austrheim kommune meiner det er mest hensiksmessig at Fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for å fastsetja reglane for fritt skuleval eller ikkje i eige fylke. Austrheim kommune ønskjer derfor å behalde reglane for organisering av inntak til vidaregåande skular slik dei er i dag.

Framlegg B

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i hele fylket eller fritt skuleval innanfor fastsatte inntaksområde i fylket.

Framlegg C

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i fylket, og kan berre fastsettja inntaksområde dersom det kan grunnjevast i store avstander eller trafikale forhold.

Formannskapet - 087/19 - 04.11.2019

FS - behandling:

Helge Dyrkolbotn (KrF) orienterte kort om dette med fritt skuleval sett frå skulen si side (han er tilsett ved Austrheim VS). Fritt skuleval kan slik skulen ser det, gje mindre elevtilgang til AVS, og det er viktig at kommunen gjev uttale i denne høyringsrunden.

Inger Lise Brekke (H) sa at elevane sjølv må få velja kva skule dei vil gå på, anten dei vil inn på ei spesiell eller vil gå på ein annan skule, og la til at Høgre er for fritt skuleval. Sa vidare at ho ikkje synest det er rett å bruka elevane til å sikra grunnlag for skulen, AVS må jobba på ein annan måte der

ein sikrar at skulen er så attraktiv at elevane vil dit. Det er viktig at ein jobbar for linjer som gjer skulen attraktiv, slik det vert gjort no, heller enn å låsa ungdommane fast i eit geografisk område.

Brekke spurte om kvifor det i saksframlegget er teke inn tre alternativ til høyringssvar, mot to framlegg i høyringa.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at grunnen til at det er tre alternativ til høyringssvar, er at framlegg C gjev litt meir grunngeving for standpunktet. Mongstad sa vidare at saksframstillinga er felles i kommunane i Fedje, Austrheim, Gulen og Solund, der rådmennene er samde om at kommunane må gje uttale.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kvifor administrasjonen denne saka som meir politisk enn fagleg.

Rådmann Liv Løvvik svara at det er eit reint politisk val om det skal vera fritt skuleval eller ikkje, og la til at ho reknar med at alle dei vidaregåande skulane har fagleg kvalitet på plass.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at fritt skuleval som system fungerer best i byar der avstandar betyr lite, og ein raskt når kva skule som helst. Med heilt fritt skuleval kan dei aller beste elevane gjerne søka seg til dei skulane som er mest pop, og om det er til dømes er Amalie Skram VS i Bergen sentrum så taper elevane her i Austrheim på det. Å seia nei til fritt skuleval kan sikra skulen her i Austrheim.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom elevane ikkje skal få ha fritt skuleval så vert det som å halda elevane som gislar for skulen her.

Morten Sognnes (H) spurte og fekk stadfesta at det er fritt skuleval i Hordaland i dag. Sognnes sa vidare at det er dumt om AVS vert ein B-skule, der dei med best karakterar søker seg andre plassar. Rådmann Liv Løvvik sa at risikoen for AVS og andre små skular er at skulestrukturen vert endra, dersom fritt skuleval gjev færre søkarar. Då kan AVS og andre små vidaregåande skular bli lagde ned. For Austrheim kommune som vertskommune er det viktig med ein VGS-skule her, og at ein kjempar for å ha dei beste linjene ved skulen. Ungdommar vert ofte buande i den regionen der dei tek utdanninga si.

Handsaming i formannskapet:

Votering: 3 mot 2 røyster for framlegg A. Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Helge Dyrkolbotn (KrF) og Per Lerøy (Ap) røysta for framlegg A. Inger Lise Brekke og Morten Sognnes (begge H) røysta for framlegg B.

Rådmannen får mynde til å leggja svaret inn i skjemaet for høyringssvaret.

FS - vedtak:

Austrheim kommune meiner det er mest hensiktsmessig at Fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for å fastsetja reglane for fritt skuleval eller ikkje i eige fylke. Austrheim kommune ønskjer derfor å behalde reglane for organisering av inntak til vidaregåande skular slik dei er i dag.

Rådmannen får mynde til å leggja svaret inn i skjemaet for høyringssvaret.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring framlegg om å stramme inn på Fylkeskommunane sin rett til å organisere inntak til vidaregåande skular.

Det er i høyringsskrivet fremja følgjande to alternative framlegg:

Alternativ 1: Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i heile fylket eller fritt skuleval innanfor fastsatte inntaksområde i fylket.

Alternativ 2: Fylkeskommuneane skal innføra fritt skuleval i fylket, og kan berre fastsetje inntaksområde dersom det kan grunngjevast med store avstander eller trafikale forhold.

I dag er det opp til fylkeskommunane sjølv å avgjera om inntak til vidaregåande opplæring skal gjennomførast ved fritt skuleval i heile fylket, innanfor fastsatte inntaksområde eller inntak etter nærskuleprinsippet. Ved fritt skuleval kan alle elevane søkje seg til dei vidaregåande skulane dei sjølv ønskjer å gå på uavhengig av kvar dei bur eller kvar skulene ligg. Det er karakterane til elevane som avgjer kva skule dei blir tatt opp på. For elever som er busett i fylkeskommunar som ikkje har fritt skuleval, er bustad avgjerande for kva vidaregåande skuler dei kan søkje seg til. I dag er det ni fylke som praktiserar fritt skulevalg i heile fylket, fem som har fritt skuleval innanfor fastsatte inntaksområde, og fire som har inntak etter et nærskuleprinsipp. Både Hordaland og Sogn- og Fjordane Fylkeskommunar har innført fritt skuleval. Framlegget til endring her vil derfor på kort sikt ikkje ha noko å sei men betyr at Vestland Fylkeskommune for framtida vil få redusert mogelegheit til å reveresere ordninga med fritt skuleval.

Dei som er for fritt skuleval viser til at forskning syner at fritt skuleval gir ein positiv effektivitetsgevinst, både i form av elevprestasjonar og i form av betre produktivitet ved skulane. Denne effekten syner seg å vere sterkest for skuler i sentrale område.

Dei som er mot fritt skuleval viser til at fritt skuleval ikkje er fritt for alle men berre for dei med gode karakterar og at dette vil føra til elevsortering og A- og B-skoler. I tillegg vert det vist til at fritt skuleval kan medføre at skular misser elevgrunnlag og inntekter slik at dei må stengje og at distriksskular er meir utsatt her enn sentrale skular.

Vurdering

Framlegga frå Utdanningsdirektoratet betyr at fylkeskommunane ikkje lenger fritt kan fastsetja reglane for fritt skuleval i eige fylke. Fritt skuleval kan ramme distriksskular hardare enn sentrale skular fordi ungdom i mange tilfelle ønskjer seg til store og sentrale skular framfor små distriksskular. Dersom distriksskular misser elevar til større skular vil dette også medføre tap av inntekter. I verste fall kan eit slikt tap av elevar og inntekter gå ut over kvalitet og i verste fall heile grunnlaget for skulen. For Austrheim kommune er Austrheim vgs ein viktig skule som gjer at elevar frå Austrheim og ikkje minst nabokommunane, kan bu heime utan at dei får alt for lang reiseveg. Det at fritt skuleval no vert føreslått som ein sentral regel, gjer at Vestland Fylkeskommune har mindre handlingsrom til å justere inntaksreglane dersom utviklinga for eksempel skulle truge Austrheim vgs sin eksistens. På bakgrunn av dette kan det hevdast at desse framlegga ikkje er positivt for Austrheim kommune heller ikkje for store delar av elevane til vgs som er busett i Fedje, Gulen, Solund og delar av andre nærliggjande kommunar.

Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering er dette ei sak som er meir politisk enn fagleg. På bakgrunn av det legg rådmannen fram tre alternative framlegg.

Framlegg A

Austrheim kommune meiner det er mest hensiksmessig at Fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for å fastsetja reglane for fritt skuleval eller ikkje i eige fylke. Austrheim kommune ønskjer

derfor å behalde reglane for organisering av inntak til vidaregåande skular slik dei er i dag.

Framlegg B

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i hele fylket eller fritt skuleval innanfor fastsatte inntaksområde i fylket.

Framlegg C

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i fylket, og kan berre fastsettja inntaksområde dersom det kan grunngjevast i store avstander eller trafikale forhold.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av arealplanutval 2019-2023

Framlegg til vedtak:

AREALPLANUTVAL	
Faste medlemmer:	Vara etter partiliste
Ordfører Per Lerøy, Ap	Ann Kristin Leirvåg, Monika Thorpe, Hardy Pedersen, Reidar Ulvøy, Britt Mary Skaalevik Lerøy
Varaordfører Inger Lise Brekke, H	Rikke Heldal Hope, Aslak André Bakke
Morten Sognnes, H	Rikke Heldal Hope, Aslak André Bakke
Bjørn Inge H. Dyrkolbotn, Sp	Reidar Øksnes, Lise Renate Helle
Helge Dyrkolbotn, KrF	Anne Dahle Austrheim, Randi Keilegavlen Dyrøy
Atle Utkilen, Bygdelista	<i>Einaste frå lista i kommunestyret</i>

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

I samband med utarbeiding av kommuneplan og delplanar, nyttar kommunen sitt arbeidsutval kalla arealplanutvalet. Dette utvalet er samansett av formannskapet og 1 medlem frå partia/gruppene som ikkje er representert i formannskapet

Konklusjon

Medlemmene vert valde som opplista

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
105/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av klageutval for 2019-2023

Framlegg til vedtak:

KLAGEUTVAL		
Medlemmar	Vara	Skal veljast av
Formannskapet	Vara til formannskapet, etter varaliste for den enkelte	Kommunestyret, i samsvar med K-sak 032/03. (Politisk styringsmodell)
Leiar Ordførar Per Lerøy	Nestleiar Varaordførar Inger Lise Brekke	I samsvar med politisk styringsmodell

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

I K-sak 032/03 gjorde kommunestyret vedtak om at formannskapet skal vere klageutval. Utvalet er heimla i forvaltningslova § 28, andre ledd. Organet skal vere eit klageorgan i saker der avgjerla er tatt av andre folkevalde organ eller av administrasjonen.

Konklusjon

Medlemmene vert valde som opplista

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019-2023

Vedlegg

Kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 - 2023

Framlegg til vedtak:

Ordførar Per Lerøy er kommunen sin politiske kontaktperson, medan den administrative kontaktpersonen vert peika ut av rådmannen.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Klima- og naturressurssjef i Hordaland fylkeskommune Sølve Dag Sondbø skriv mellom anna dette i eit brev til kommunane om vassregionutval og vassområdeutval:

Kommunane har fram til og med 2019 vore representert i Hordaland vassregionutval ved ein politisk valt person og ein administrativ kontaktperson (bisitjar). Vassregionen er delt inn i vassområda Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss- Osterfjorden. Dei same kontaktpersonane har vore representert både i vassregionutvalet og vassområdeutvalet. Vassregionutvalet er leia av fylkeskommunen medan vassområdeutvala er leia av ein kommune i vassområdet.

Frå årsskiftet vert vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland slege saman til Vestland vassregion. I høyringsutgåva til planprogrammet for den nye vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion, er det føreslege at kommunane vert representert i Vestland vassregion med ein kommune frå kvart vassområde. Det betyr i praksis at arbeidet i vassområdeutvala vert viktigare for kommunen.

I vassområdeutvala er kommunane sentrale aktørar og utvalet er eit samarbeidsfora for kommunane om vassforvaltning. Statlege etatar vert invitert inn til møta når relevante tema står på programmet.

Både kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar har verkemiddel til å betre tilstanden i vatn.

Vassforskrifta krev at vi utarbeider ein regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram. Fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for å utarbeide vassforvaltningsplanen. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er plikta til å bidra inn i arbeidet. Vassregionutval og vassområdeutval er oppretta for å få til samarbeide om dette.

Konklusjon

Fylkeskommunen ber om at det er ordføraren som vert sett opp som kontaktperson, for å sikra politisk forankring. Den administrative kontaktpersonen er i dag Asbjørn N. Toft. Det kan gjerne vera slik framleis, men dette er det rådmannen som styrer.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
107/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av kontrollutval 2019-2023

Framlegg til vedtak:

KONTROLLUTVAL 2019-2023	
Det skal veljast 5 medlemmer med vara	
Representant Britt M. Skålevik Lerøy (Ap)	Vara Mariell Sundfjord Storebø (Ap)
Morten Hodnekvam (H)	Hege Ramsland (H)
Jan Erik Espelid (Bygdelista) Inger Aasen (Krf)	Marita Bru (Bygdelista) Egil Sætre (KrF)
Gunnstein Sætre (Sp)	Jan Olav Øksnes (Sp)
Leiar Gunnstein Sætre (Sp)	Nestleiar Jan Erik Espelid (Bygdelista)

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Etter at kommunestyret gjorde sitt val til kontrollutval 31. oktober 2019, har KrF komme med namn på sin vararepresentant.

Konklusjon

Vedtaket stadfester at Egil Sætre er KrF sin vararepresentant.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
108/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av medlemmer til felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023

Framlegg til vedtak:

FELLES SAKKUNNIG KLAGENEMND FOR EIGEDOMSSKATT		
Medlemmer for perioden 2018-2021	Vara for perioden 2018-2021	Vert valde av
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (KrF)	Kommunestyret
Nils Ove Vassdal (H)	May Britt Vågheim Eliassen (H)	
Atle Utkilen (Bygdelista)	Petter Lerøy Skårnes (V)	
Medlemmer valde for perioden 2019-2023	Vara valde for perioden 2019-2023	
Posisjon skal komma med namn på fast medlem	Posisjon skal komma med namn på varamedlem	
Posisjon skal komma med namn på fast medlem	Posisjon skal komma med namn på varamedlem	
Opposisjon skal komma med namn på fast medlem	Opposisjon skal komma med namn på varamedlem	
Leiar for perioden 2018-2021	Nestleiar for perioden 2018-2021	
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Trude Sleire	

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Det vert vist til K-sak 83/17 og eigedomsskattetakstvedtekter.

Valperioden følger kommunevalperioden, med den presiseringa at halvparten av medlemmene og varamedlemmene i sakkunnig nemnd og felles sakkunnig klagenemnd går ut og vert erstatta kvart anna år. Samstundes vert leiarar og nestleiarar oppnemnd for neste toårsperioden. 3 medlemmer med vara vert valde annakvart år. Leiar og nestleiar vert oppnemnd for fire års periode.

Konklusjon

Namn på kandidatar vert lagt fram i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
109/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av medlemmer til landbruksfagrådet 2019-2023

Framlegg til vedtak:

LANDBRUKSFAGRÅDET		
Medlem og leiar i rådet, Reidar Øksnes, Sp	Vara Atle Utkilen (Bygdelista)	Vald av og mellom Austrheim kommunestyre

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

FAustrheim kommune har oppretta Landbruksfagrådet. Rådet har fem medlemmer.

- 1 medlem frå Austrheim og nordre Lindås bondelag (vald mellom medlemmene frå Austrheim)
- 1 medlem frå Austrheim landbrukskvinnelag
- 1 medlem frå Austrheim sauealslag
- 1 medlem frå Viltfagrådet i Austrheim
- 1 medlem frå kommunestyret (vald mellom medlemmene)
Reidar Øksnes (Sp), med Atle Utkilen (Bygdelista) som vara.

Alle medlemmene har vara. Representanten frå kommunestyret skal vere leiar. Rådet vel sjølv nestleiar.

Konklusjon

Kommunen sin medlem med vara vert valde som opplista.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
110/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av medlemmer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 2019-2023

Framlegg til vedtak:

SAKKUNNIG NEMND FOR EIGEDOMSSKATT		
For perioden 2018 - 2021	Vara	
Hardy Pedersen (Ap)	KrF kjem med namn her (KrF)	Må erstatta Elisabeth Rahner, som har flytta frå kommunen
For perioden 2019-2023 Posisjon skal komma med namn på fast medlem	For perioden 2019-2023 Posisjon skal komma med namn på varamedlem	
Stein Kåre Løvslett, KrF	Jan Nordø, Bygdelista	
For perioden 2018-2021 Leiar: Hardy Pedersen	For perioden 2019-2023 Nestleiar:	

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Det vert vist til K-sak 83/17 og eigedomsskattetakstvedtekter.

Valperioden fylgjer kommunevalperioden, med den presiseringa at halvparten av medlemmene og varamedlemmene i sakkunnig nemnd og felles sakkunnig klagenemnd går ut og vert erstatta kvart anna år. Samstundes vert leiarar og nestleiarar oppnemnd for neste toårsperioden.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp. Manglande namn vert presenterte i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
111/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av planutval 2019-2023

Framlegg til vedtak:

PLANUTVAL		
Medlemmer	Vara	Skal veljast av
Formannskapet	Vara til formannskapet, etter varalister som til formannskapet	I samsvar med vedtak i K-sak 032/03
Leiar Ordførar Per Lerøy	Nestleiar Varaordførar Inger Lise Brekke	Skal veljast av I samsvar med politisk styringsmodell

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Kommunestyret har bestemt at formannskapet skal vere kommunen sitt faste planutval etter plan- og bygningslova, kap. II, § 9.1 (Jamfør. Sak 032/03)

Konklusjon

Medlemmene vert valde som opplista.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
112/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representant i Bergensalliansen 2019-2023

Framlegg til vedtak:

BERGENSALLIANSEN		
Representant	Vara	Vald av
Ordfører Per Lerøy, Ap	Varaordfører Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Bergensalliansen er ein politisk møteplass for 22 kommunar i storbyregionen Bergen og omland. Samarbeidet blei etablert 13. april 2011 til erstatning for det tidlegare regionrådet Bergensregionen. Det er leia av Bergen sin byrådsleiar. Kommunane i Bergensalliansen eig også det interkommunale næringsutviklingsselskapet Business Region Bergen AS (BRB) som blei etablert i 2007, saman med Hordaland fylkeskommune og Stord kommune i Sunnhordland.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland barne- og ungdomsskule 2019-2023

Framlegg til vedtak:

SAMARBEIDSUTVALET KALAND BARNE- OG UNGDOMSSKULE		
Medlem	Vara	Skal veljast av:
Morten Sognes, H	Anette Kaland, Ap	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt høgste rådgjevande organ. Her er alle partane i skulen representert: elevar, foreldre, undervisningspersonalet og andre tilsette. Kommunestyret oppnemner ein representant med vara. Rektor er og medlem og representerer kommunen saman med representanten frå kommunestyret. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
114/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representant og vararepresentant til SU ved Årås skule 2019-2023

Framlegg til vedtak:

SAMARBEIDSUTVALET ÅRÅS SKULE		
Medlem	Vara	Skal veljast av:
Monika Thorpe, Ap	Toril Lohne Hordvik, KrF	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt høgste rådgjevande organ. Her er alle partane i skulen representert: elevar, foreldre, undervisningspersonalet og andre tilsette. Kommunestyret oppnemner ein representant med vara. Rektor er og medlem og representerer kommunen saman med representanten frå kommunestyret. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Konklusjon

Representant og vara vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representant til kyrkjeleg fellesråd 2019-2023

Framlegg til vedtak:

KYRKJELEG FELLESRÅD		
Medlem	Vara	Skal veljast av:
Hege Ramsland (H)	Ann Kr. Leirvåg (Ap)	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Kommunestyret skal velje eit medlem med vara til Kyrkjeleg fellesråd for kommunestyreperioden. Representanten er vald etter § 6.1 i Kirkeloven. (NB. Etter kirkeloven bør dette vere sokneråd fordi Austrheim berre har eit sokn.)

Konklusjon

Medlemmene vert valde som opplista.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
116/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representant til årsmøtet i Gløde 2019-2023

Framlegg til vedtak:

GLØDE AS Aslak André Bakke (H) som fast medlem, med vara

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim har eigardel i Gløde som skuldast eigarskap i tidlegare Nordhordland industriservice. Austrheim eig 2,7 %. Det er 24 eigarar av selskapet. Austrheim vel representant til årsmøtet i Gløde AS.

Konklusjon

Valnemnda legg fram namn på varakandidat i møtet. Dei to kandidatane vert valde.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
117/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representantar til Regionrådet 2019-2023

Framlegg til vedtak:

REGIONRÅDET		
Representant	Vara	Vald av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret
Rådmann	Kommunalsjef (når tilsett, rådmannen peikar ut)	

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Regionrådet Nordhordland er det strategiske organet som legg føringar for aktiviteten i Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Rådet har vore sett saman av ordførarane i dei ni medlemskommunane. Rådmennene har møte- og talerett.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
118/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representantar til råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023

Framlegg til vedtak:

RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE		
Medlemmer frå kommunestyret	Vara frå kommunestyret	Valde av
Ann Kristin Leirvåg, Ap	Hege Ramsland, H	Kommunestyret
Inger Anne Austrheim, KrF	Marita Bru, Bygdelista	Kommunestyret
Medlemmer frå organisasjonane	Vara frå organisasjonane	
Administrasjonen sender brev til organisasjonane med spørsmål om kandidatar		Kommunestyret
		Kommunestyret Kommunestyret
Medlem frå eldrerådet	Vara frå eldrerådet	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Etter den politiske styringsmodellen skal det oppnemnst eit råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen, for statlege etatar på kommunalt nivå og andre offentlege instansar og institusjonar som ynskjer råd frå utvalet. Rådet skal arbeide utifrå målsettinga om full deltaking og likestilling i samfunnet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det er utarbeidd egne retningslinjer for utvalet. Rådet har 6 medlemmer med vara. 2 frå

kommunestyret, 3 frå organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne og 1 medlem frå eldrerådet.

Konklusjon

Medlemmene frå kommunestyret vert valde slik dei er lista opp. Rådet vert seinare supplert med medlemmer frå organisasjonane.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
119/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representantar til SU Kaland barnehage 2019-2023

Framlegg til vedtak:

SAMARBEIDSUTVALET KALAND BARNEHAGE		
Kommunestyret skal velje eit medlem med vara til SU (Samarbeidsutvalet) i barnehagen.		
Medlem Randi Keilegavlén Dyrøy, KrF	Vara Lise Renathe Helle, Sp	Skal veljast av: Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette. Samarbeidsutvalget 1 skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
120/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av representantar til SU Kystbarnehagen 2019-2023

Framlegg til vedtak:

SAMARBEIDSUTVALET AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE		
Kommunestyret skal velje eit medlem med vara til SU (Samarbeidsutvalet) i barnehagen.		
Medlem Rikke Heldal Hope, H	Vara Mariell S. Sundfjord, Ap	Skal veljast av: Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette. Samarbeidsutvalget 1 skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
121/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av tingingsutval 2019-2023

Framlegg til vedtak:

TINGINGSUTVAL		
Ordfører er leiar	Per Lerøy, Ap	<i>Vara frå eigne parti for dei ulike i utvalet.</i>
Varaordfører	Inger Lise Brekke, H	
Gruppeleiar største opposisjonsparti	Helge Dyrkolbotn, KrF	

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Kommunestyret har oppretta eit tingingsutval. Dette er eit arbeidsutval for formannskapet.

Utvalet består av ordfører, varaordfører og leiar for det største opposisjonspartiet. Ordfører er leiar.

Utvalet skal mellom anna avklare lønn til rådmann og assisterande rådmann. Utvalet kan gjere leiaravtalar med rådmann, og dei kjem med innstilling i tilsetjing av rådmann. Rådmann er sekretær for utvalet. Utvalet kan også gjevast andre oppgåver.

Konklusjon

Medlemmene i utvalet vert valde som opplista.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
122/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av utsendingar til eigarmøte og representantskap i Aufera 2019-2023

Framlegg til vedtak:

AUFERA AS		
Eigarmøte – representant	Eigarmøte - vara	Vald av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret
Representantskap – medlem	Representantskap - vara	
Siri Kaland, Ap	Aslak Andrè Bakke, H	Kommunestyret
Reidar Øksnes, Sp	Odd Øksnes, Bygdelista	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

AUFERA AS er ei VTA-bedrift eigd av Radøy med 47%, Austrheim med 37% og Fedje med 16%. Ordførar sit i valnemnda i AUFERA AS.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
123/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val av utsendingar til årsmøtet i Bergen og omland friluftsråd 2019-2023

Framlegg til vedtak:

REPRESENTANTAR/UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET I BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD.		
Representant/utsending	Vara	Skal veljast av
Morten Hodnekvam (H)	Jan Nordø (Bygdelista)	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Medlemskommunane i BOF skal velje representant/utsending med vara til årsmøtet i BOF.

BOF har ein eigen valkomité som jobbar med styrekandidatar, ein kan ta kontakt med firmapost@bof.no om ein ønskjer å lansera eit eller fleire konkrete namn.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
124/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til administrasjonsutvalet 2019-2023

Framlegg til vedtak:

ADMINISTRASJONSUTVAL		
Medlemmer formannskapet Ordfører Per Lerøy, Ap	Vara til formannskapet sjå varaliste for formannskapet	Valde av Kommunestyret
Varaordfører Inger Lise Brekke, H	sjå varaliste for formannskapet	
Morten Sognnes, H	sjå varaliste for formannskapet	
Bjørn Inge H. Dyrkolbotn, Sp	sjå varaliste for formannskapet	
Helge Dyrkolbotn, KrF	sjå varaliste for formannskapet	
Tillitsvalde	Vara for tillitsvalde	Valde av
Janina Fenne, Fagforbundet Geir Follesø, Utdanningsforbundet	Inger Synnevåg Monica Mjanger, Utdanningsforbundet	Fagforeiningane Fagforeiningane
Leiar: Ordfører Per Lerøy, Ap	Nestleiar: Varaordfører Inger Lise Brekke, H	Valde av Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Etter den politiske styringsmodellen består administrasjonsutvalet av formannskapet og to representantar oppnemnd av arbeidstakarorganisasjonane.

Administrasjonsutvalet har som hovudarbeidsoppgåve dei personalmessige oppgåvene i kommunen. Utvalet handsamar saker etter likestillingslova og skal elles utføre dei oppgåvene det er pålagt

gjennom delegasjon og etter vedtak i kommunestyret.

Ordfører er leiar og varaordfører nestleiar i utvalet. Det er utarbeidd reglement for utvalet.

Konklusjon

Medlemmene i utvalet vert valde som opplista.

Organisasjonane sine medlemmer er slik det er per no.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
125/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til Beredskapsråd 2019-2023

Framlegg til vedtak:

BEREDSKAPSRÅD		
Representant	Namn	Skal veljast av
Ordførar	Per Lerøy	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Normalreglementet for beredskapsrådsarbeid krev at ein kvar kommune skal ha eit beredskapsråd. Rådet er samansett av dei ulike instansane som har ansvar i ein beredskapsituasjon. Kommunestyret vel ordførar som medlem i beredskapsrådet.

BEREDSKAPSRÅD		
Representant	Namn	Skal veljast av
Ordførar	Per Lerøy	Kommunestyret
Rådmann	Liv Løvvik	
Avdelingsleiar teknisk	Rolf Henning Myrmel	
Avdelingsleiar PLO	Monika Kvamme	
Kommunelege I	Peter Kubon	
Lensmannen i Nordhordland	Kjell Idar Vangberg	
Representant frå Sivilforsvaret	Ta kontakt ved behov på vakttelefon 48 88 93 00, eller beredskap.hosfd@dsb.no	

Områdesjef HV	Frank Eriksen/Svein Korsvold	
Rektor Austrheim Vidaregåande skule Soknepresten i Austrheim	Frode Hervik Rune Minde	
Austrheim idrettslag v/leiar Årås sanitetsforeining v/leiar	Asbjørn Brandtun Johanna Lerøy	
Lindåsneset Sanitetsforeining v/leiar	Anny Sognnes	
Nordhordland Røde Kors	Stig Nordvik	

Konklusjon

Ordføraren vert vald som medlem av rådet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
126/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til Kommunal kriseleiing (KKL) 2019-2023

Framlegg til vedtak:

KOMMUNAL KRISELEIING (KKL)		
Medlem	Varamedlem	Vald av
Ordfører Per Lerøy	Varaordfører Inger Lise Brekke	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

KOMMUNAL KRISELEIING (KKL)		
Kommunen si kriseleiing er sett saman for å kunne styre kommunen gjennom ulike krisar som oppstår. KKL har jamleg øvingar og dei får øvingsoppgåver frå fylkesmannen i Vestland. KKL er ansvarleg overfor kriseleiinga på fylket som jamleg har tilsyn og kommunikasjon med KKL. Ordfører med varaordfører som vara, er kommunestyret sin representant		
Medlem Ordfører Per Lerøy	Varamedlem Varaordfører Inger Lise Brekke	Vald av Kommunestyret
Faste medlemmer i KKL:		
Tittel	Namn	Funksjon
Rådmann	Liv Løvvik	Leiar
Kommunalsjef Kommunalsjef helse og omsorg	NN Monika Kvamme	
Informasjonsansvarleg	Kristin Nesbø	
Beredskapsansvarleg	Stein Kåre Løvslett	

	Rolf Henning Myrmel	
Brannsjef NH-redning	Karl Johannes Romarheim	Varabrannsjef Gunn-Torhild Ramslien
Leiar	Nestleiar	
Rådmann	Kommunalsjef NN	

Konklusjon

Ordførar vert vald som fast medlem i KKL, med varaordførar som vara.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
127/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

BERGEN OG OMLAND FARVANNSFORVALTNING IKS (BF IKS)		
Medlem til representantskapet	Vara	Valde av
Ordfører Per Lerøy, Ap	Varaordfører Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Bergen og Omland Havn er eit interkommunalt selskap som ivaretek kommunen sine forvaltningsoppgåver iht Lov om hamner og farvatn, herunder handsaming av søknader om tiltak i sjø.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har til oppgåve å ivareta og samordna hamnesaker som gjeld offentleg mynde i m.a. Austrheim. Selskapet skal utøve kommunen sitt mynde etter hamne- og farvannslav og bestemmelsar gitt i medhald av denne. Ordfører har vore medlem med varaordfører som vara.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
128/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet Bergen og omland havn 2019-2023

Framlegg til vedtak:

BERGEN OG OMLAND HAVN AS (BOH AS)		
Medlem til representantskapet	Vara	Skal veljast av
Ordfører Per Lerøy, Ap	Varaordfører Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

BOH AS står for hamnedrift og tilknytte tenester. Det er ynskjeleg at ordfører vert vald til både BOH AS og BF IKS. Grunnen er at det er parallelle møte i desse selskapa.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
129/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet BKK 2019-2023

Framlegg til vedtak:

BKK		
Representant	Vara	Vald av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim kommune er ein av dei offentlege eigarane av BKK. Kommunen vel ein representant med vara til representantskapet.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
130/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet for Interkommunalt arkiv 2019-2023

Framlegg til vedtak:

REPRESENTANSKAPET FOR INTERKOMMUNALT ARKIV		
Representant	Vara	Skal veljast av
Anne Dahle Austrheim (KrF)	Kristin Nesbø (Servicekontoret)	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Kommunestyret skal velje 1 representant med vara til Representantskapet for Interkommunalt Arkiv. (IKA)

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
131/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet i NGIR IKS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

NGIR IKS – Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS		
Representant	Vara	Valde av
Hardy Pedersen, Ap	Magnus Kvingedal, H	Kommunestyret
Gro Kaland, Sp	Atle Utkilen, Bygdelista	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim eig 7,88% i selskapet. Kommunestyret vel to representantar med vara til representantskapet som vel 5 styremedlemmer.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
132/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet i Nordhordland Revisjon AS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

NORDHORDLAND REVISJON AS		
Medlem	Vara	Skal veljast av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Dette er eit heileigd aksjeselskap eigd av Nordhordland Revisjon IKS. Ordførar med varaordførar har vore medlem i representantskapet. Dei har parallelle møte med Nordhordland Revisjon IKS og Vestlandrevisjon IKS.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
133/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet i Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

REPRESENTANTSKAPET FOR NORDHORDLAND UTVIKLINGSSKAP IKS (NUI)		
Kommunestyret skal velje 1 representant med vara til representantskapet i NUI.		
Representant Ordførar Per Lerøy, Ap	Vara Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Skal veljast av Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) er eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Representantskapet for NUI består av eigarrepresentantar som kommunestyra sjølv har oppnemnt, jf. § 6 i lov om interkommunale selskap. Representantskapet vel eit uavhengig styre, og handsamar mellom anna selskapet sitt rekneskap og budsjett. Ordførar har vore representant, varaordførar har vore vara.

Konklusjon

Representantane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
134/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet i Region Nordhordland Helsehus IKS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS		
Representant	Vara	Valde av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Region Nordhordland Helsehus er ein felles arena for ulike tenester som samarbeider for betre helse og tryggleik for innbyggjarane i Nordhordland. Kommunane byggjer huset gjennom felles eigarskap i selskapet Region Nordhordland Helsehus IKS. Representantskapet er øvste organ i helsehuset. Ordførarane har vore medlem her. Representantskapet vel representantar frå regionen til eit uavhengig styre.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS 2019-2023

Framlegg til vedtak:

VESTLANDSREVISJON IKS - REPRESENTANTSKAP		
Medlem	Vara	Skal veljast av
Ordførar Per Lerøy, Ap	Varaordførar Inger Lise Brekke, H	Kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Vestlandsrevisjon IKS er samanslåing av Nordhordland Revisjon og Indre Hordaland Revisjon. Selskapet har eit representantskap der ordførar skal vere medlem og varaordførar vara.

Konklusjon

Kandidatane vert valde slik dei er lista opp.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
136/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/738

Val til årsmøtet i Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA) 2019-2023

Framlegg til vedtak:

Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA)	
Medlem:	Varamedlem:

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim kommunestyre oppnemner fylgjande representantar til IUA sitt årsmøte for perioden 2020 – 2023:
(Perioden 2015-2019 har dette vore Morten Sognnes (H) som fast medlem og Hardy Pedersen (Ap) som vara)

Konklusjon

Valnemnda legg fram kandidatar i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
116/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
137/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/724

Møteplan for 2020

Vedlegg

Møteplan for 2020

Møteplan for 2020 - som kalender

Framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.

Formannskapet - 116/19 - 21.11.2019

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy sa at det kan verta utfordringar med kommunestyret 18. juni, på grunn av at dette går inn i ferieperioden hjå Equinor Mongstad der ein del jobbar.

Om forfall sa rådmann Liv Løvvik at det i Bergen kommune er slik at det er partia som hentar inn vara om det vert meldt inn fråfall seinare enn 12.00 dagen før møtet. Løvvik ba om ei tilføyning på møtekalenderen: "Forfall etter klokka 12.00 dagen før møtet, skal meldast både til administrasjonen og til partiet, med kopi til ordførar". Formannskapet støtta dette.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg ved.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Oppsettet bygger på same tal møte som i 2019, og møta sett sett opp på omtrentleg same tid av året.

Det er gjort tilpassingar opp mot skuleferiar/høgtider.

Møteplanen er også sett opp på kalender som «Årskalender politiske møte i Austrheim – 2020». Ved motstrid mellom møteplan og kalender er det møteplanen her som gjeld.

Konklusjon

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.